





06.05.2026

Årsmelding for Vang kommune 2025



Ole Martin Alfstad
[FIRMANAVN]

INNHALD

1. Innleiing	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
2. Årsberetning 2025 jf. Kommunelova §14-7.....	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
3. Personal og organisasjon	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
4. Oppfølging av mål og satsingsområder.....	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
5. Samfunns – og befolkningsutvikling.....	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
6. Kommunen sine etatar.....	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
6.1. Sentrale politiske og administrative organ	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
6.2. Utdanning og Kultur.....	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
6.3. Helse og Omsorg	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
6.4. Landbruk og Teknisk	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
6.5. Fellesområde - næring , kraft -og finansforvaltning	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
6.5.1. Næring og bustadtiltak	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
6.5.2. Kraftforvaltning.....	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
6.5.3. Finansforvaltning	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.
7. FORSKRIFTSKJEMAER OG NOTER TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2025	Feil! Bokmerkenavn er ikke angitt.

1. Innleiing

Årsmeldinga for Vang kommune gir ei samla framstilling av kommunen sin verksemd, resultatet og utvikling i året som har gått. Årsrekneskapen for 2025 er prega av mindre inntekter enn forventet som bidro til negativt netto driftsresultat og som vil på verke kommunen sin økonomiske handlingsrom i tida framover. Elles leverer Vang kommune gode tenester i alle ledd. Kommunen har arbeida målretta for å levere gode tenester til innbyggjarane, samtidig som vi jobbar med tilpassingar i forhold til endra økonomiske rammebetingelser.

Kommunens viktigaste oppgåver er å sikre trygge og gode kvardagar for våre innbyggjar – frå barnehage og skule til helse- og omsorgstenester, næringsutvikling og samfunnsplanlegging.

Årsmeldingen viser også korleis kommunens økonomi er forvalta, og gir eit bilete av ressursbruk, prioriteringar og måloppnåing.

Sammenlikninga med andre kommunar og tidlegare års kostra-rapportering og gjennomsnittet i Innlandskommunane viser at Vang kommune har hatt relativt høge driftsinntekter pr innbyggjar i forhold til samanliknande kommunar. Desse inntektene har variert over tid i takt med kraftmarknaden og utvikling av nivået på sjølvkosten / utgiftene i samband med uttak av konsesjons -og andelskrafta.

Historiske rekneskapstal over tid viser og at Vang kommune har hatt relativt høgt utgiftsnivå innan drift på enkelte tenesteområde.

Årsrekneskapen for 2025 viser vesentlege mindreinntekter knytt til forventet gevinstar frå kraftinntekter og fallerstatningar osv. Drifta i etatane samla sett var tilpasset budsjetttrammene som vart fordelt i budsjettet for 2025.

2. Årsberetning 2025 jf. Kommunelova §14-7

Alle kommunar skal utarbeide årsberetning, jamfør kommunelova § 14-7. I dette kapitlet blir det framstilt nøkkeltal og kommentarar til budsjettavvik knytt til driftsrekneskapen, investeringsrekneskapen og balansen.

Formannskapet innstiller til kommunestyrevedtak om årsrekneskap og årsmelding, og kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret før vedtak vert fatta.

Kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide ei årsberetning for kommunens eller fylkeskommunen sin samla verksemd.

Årsberetningene skal omtale :

1. *Forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretar den økonomiske handleevna over tid*
2. *Vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlige avvik fra kommunestyret sine premisser for bruken av bevilgningene*
3. *Verksemnda måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarane.*
4. *Tiltak som er iverksett og tiltak som planlegges iverksett for å sikre ein høg etisk standard*
5. *Den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling*
6. *Kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevars aktivitetsplikt etter [likestillings- og diskrimineringsloven § 26](#).*

Økonomiske nøkkeltal

Samanlikninga med andre kommunar og tidlegare års kostra-rapportering og gjennomsnittet i Innlandskommunane viser at Vang kommune har hatt relativt høge driftsinntekter pr innbyggjar i forhold til samanliknande kommunar. Desse inntektene har variert over tid i takt med kraftmarknaden og utvikling av nivået på sjølvkosten / utgiftene i samband med uttak av konsesjons -og andelskrafta.

Historiske rekneskapstal over tid viser og at Vang kommune har hatt relativt høgt utgiftsnivå innan drift på enkelte tenesteområde.

Årsrekneskapen for 2025 viser vesentlege mindreinntekter knytt til forventa gevinstar frå kraftinntekter og fallerstatningar osv.. Drifta i etatane med unnatak av Landbruk Teknisk viser til mindreforbruk mot budsjettet for 2025.

Dette har ført til eitt negativt netto driftsresultat på 18,5 mill. kr for 2025.

Nøkkeltal	mill kr	oppnådd i %	resultatmål
Netto driftsresultat	-18,5	-5,5	4,5
Disposisjonsfond	32,5	10,3	15
Lånegjeld eksl VA	200	59	70
Lånegjeld totalt	290,7	86	

Kommentar til økonomiske handlingsreglar og nøkkeltal

Kommunelova stiller eit krav om at driftsresultatet minst må vera stort nok til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetningar. Eventuelt overskott utover dette kan bli avsett til bruk i seinare år. Vang kommune har over tid hatt eit mål om et netto driftsresultat på 4,5 %.

Driftsrekneskapen til Vang kommune for åra 2024 og 2025 viser til negative netto driftsresultat som tærer på fondsmidlane i kommunen. Hovudårsaken til negative netto driftsresultat for 2024 og 2025 er relatert til negative resultat er innan sjølvkostområda og særskilt innan Vatn og Avløp. Dette største avviket i 2025 er knytt til mindreinntekter innan gevinstar og andre inntekter frå kraftforvaltninga.

Det er sers viktig at Kommunen søker å gjere tiltak som gir positive effektar på drifta med effekt i frå 2026 som har effekt vidare inn i økonomiplanperioden. Netto kraftinntekter svinga veldig og ein må rekne med at ein i framtida må nedjustere inntektsbudsjettet i kommunen.

Kommentarar til rekneskapen og budsjettavvik

Nedanfor vil budsjettavvik bli kommenter pr etat.

	Regnskap 2025	Buds(end) 2025	Avvik(per.)	Regnskap 2024
1 Sentrale politiske og adm organ	18 977 802	20 083 008	- 1 105 206	17 063 965
2 Utdanning og Kultur	68 213 953	75 981 554	- 7 767 601	66 718 678
3 Helse og omsorg	111 508 808	111 802 631	- 293 823	107 205 488
4 Landbruk og Teknisk	33 269 044	29 086 363	4 182 681	35 811 144
Resultat frå etatene	231 969 607	236 953 556	- 4 983 949	226 799 275
5 Næring	4 508 563	5 005 000	- 496 437	12 514 578
Resultat inkl næring og bustadtiltak	236 478 170	241 958 556	- 5 480 386	239 313 853
6 Kraftforvaltning	- 65 311 997	- 84 400 000	19 088 003	- 84 640 203
7 Rammetilskott og skatteinntekter	- 173 955 771	- 172 900 000	- 1 055 771	- 162 274 278
8 Finansforvaltning	21 134 634	19 470 000	1 664 634	19 403 933
Resulat etter kraft, skatt og finans	18 345 036	4 128 556	14 216 480	11 803 305
9 Bruk - og avsetning av fondsmiddel	- 18 345 036	- 4 128 556	- 14 216 480	- 11 803 305
avtemming	-	-	-	-

Budsjettområde 1 – Sentrale politiske -og administrative organ

1 Sentrale politiske og adm organ	Regnskap 2025	Buds(end) 2025	Avvik	Regnskap 2024
10 Sentrale politiske organ	4.007.394	3.912.185	95.209	3.818.347
11 Kommunedirektør	2.812.041	3.577.492	- 765.451	1.446.656
12 Stab	7.289.283	7.917.179	- 627.896	6.074.684
13 Fellestenester	4.869.084	4.676.152	192.932	5.724.277
14 Tilskott til kyrkjelege fellesråd	5.300.000	5.300.000	-	5.184.340
Sum 1 Sentrale politiske og adm organ	24.277.802	25.383.008	- 1.105.206	22.248.305

10- Politiske organ

Rekneskapen viser 95.209 kr i meirutgifter i 2025 knytt til politiske organ. Meirutgifta er i hovudsak knytt til godtgjersler til politikarar og bevertning i 2025.

11-Kommunedirektør/ næringsutviklar

Mindreutgifter i 2025 er i hovudsak relatert mindre utgifter knytt til næringstiltak enn føresett i budsjettet for 2025. Løyvingar til for eksempel lærlingeprosjekt låg inne i budsjettet men vart utsett til 2026.

12-Stab og fellestenester

Fellestenester : utgifter til blant anna lisensar og deler av IKT utgiftene gikk noko over budsjettet i 2025.

Det er oppnådd mindreutgifter innan stabsområdet knytt til løns-og personalutgifter i 2025. Stabsområdet består av to avdelingar : Økonomi og Rekneskap og HR Organisasjon og Serviceavdeling.

Budsjettområdet 2 -Utdanning og Kultur

Samla sett viser årsrekneskapen for 2025 ei nettoutgift på 7,76 mill kr mindre enn budsjettet. Det er fleire faktorar som bidreg til dette.

20- Etatskontor : Netto mindreutgift er eit resultat av mindre skyssutgifter og meir inntekter frå tilskott enn budsjettet for 2025

22-Grunnskulen : Netto mindreutgifter i verksemda på 327.066 kr er relatert til mindre løns -og personalutgifter inkl. refusjonar.

25- barnehage : Mindreforbruket i 2025 er i hovudsak knytt til løns -og personalutgifter

26 – Kultur : Deler av mindreforbruket er knytt til utsett utbetringstiltak (til 2026) i Kongevegen der det vart avsett kr 500.000 i 2025. Elles fordeler mindreforbruket seg over fleire enkeltpostar i verksemda.

27- Vaksenopplæring / Læringssenteret : samla mindreforbruk eitt resultat av ca. kr 2.620.000 kr meir i inntekt enn budsjettet. Elles så vart ei mindre utgifter knytt til introduksjonsstønad på ca. kr 1.180.000 i 2025. I tillegg vart kr 480.000 meir inntekt knytt til sal av språkopplæring/introduksjonsprogram til Vestre Slidre kommune.

29- Frivilligsentralen: Mindreforbruket er i hovudsak knytt til mindre utgifter i lønsområdet og meir inntekter frå tilskott enn føresett i budsjettet for 2025.

2 Utdanning og Kultur		Regnskap 2025	Buds(end) 2025	Avvik	Regnskap 2024
20	Kommunalsjef Utdanning og Kultur	4.930.905	5.842.601	- 911.696	5.298.587
22	Grunnskulen	41.674.695	42.001.761	- 327.066	37.550.910
25	Barnehager	17.601.195	19.869.925	- 2.268.730	17.692.854
26	Kultur	6.714.371	7.718.565	- 1.004.194	6.175.914
27	Vaksenopplæring	- 8.693.536	- 5.869.667	- 2.823.869	- 5.899.571
29	Frivilligsentralen	686.324	1.118.369	- 432.045	715.644
	Sum 2 Utdanning og Kultur	62.913.953	70.681.554	- 7.767.601	61.534.338

Budsjettområde 3 - Helse og omsorg

Helse- og omsorgsetaten hadde eit netto mindreforbruk på 284.485,- i 2025 mot eit meirforbruk på 5,6 millionar i 2024.

Helseavdelinga, legekantoret, Vangsheimen og heimetenestene har alle eit lite mindreforbruk.

Framleis meirforbruk på overtid, men dette er mindre enn i 2024.

Stort fokus på nærværarbeid - lågt sjukefråvær - langtidsavdelingane på Vangsheimen hadde eit historisk lågt fråvær på 3,5% i 2025. Tilsette og leiarar på Vangsheimen skal ha all ære for solid arbeid!

Ordinært dagsenter på Vangsheimen vart avslutta frå august 2025. Dette medførte eit mindreforbruk på kr. 200'

Tilrettelagde tenester har eit meirforbruk på 1,4 mill. som i hovudsak skuldast overtid og tenestekjøp frå annan kommune.

Når det gjeld Vang kommune sin andel av interkommunale tenester innan helse- og omsorg vart utgiftene på 19,6 mill med meirutgifter på omlag kr. 800'

Desse fordeler seg slik :

- Barnevern : samla utgifter på 9,3 mill meirutgift på kr. 1 mill.
- NAV-tenester : samla utgifter 4,1 mill mindreutgift på kr. 367'
- VLMS, krisesenter, kommunepsykolog, helsesjukepleiar vgs : samla utgifter kr. 6,2 mill meirutgifter på kr 93'

3 Helse og omsorg		Regnskap 2025	Buds(end) 2025	Avvik	Regnskap 2024
30	Kommunalsjef HO	2.976.194	2.959.683	16.511	3.248.183
31	Helseavdelinga	8.560.646	9.543.757	- 983.111	7.677.058
32	Vang legekantor	5.676.257	6.062.446	- 386.189	5.001.539
36	VHT	48.723.493	49.790.417	- 1.066.924	46.134.865
38	Tilrettelagte tenester	25.912.950	24.546.328	1.366.622	26.241.593
39	Interkommunale tenester	19.668.606	18.900.000	768.606	18.906.308
	Sum 3 Helse og omsorg	111.518.146	111.802.631	- 284.485	107.209.546

Budsjettområde 4 - Landbruk og teknisk

Årsrekneskapen for etaten viser samla sett nettoutgift ut over budsjett på 4,2 mill. kr

Det er belasta utgifter for kommunale avgifter for vatn og avløp på tenestområdet utover budsjettet for 2025. Dette er knytt til interpostering mellom kommunale bygg og sjølvkostområdet Vatn og Avløpstenesta i kommunen . Dette avviket utgjør om lag 3 mill. kr.

Det er og meirutgifter i 2025 innan lønsutgifter i reinhaldsteneste på 0,8 mill. kr i 2025. Rekneskapen viser og netto meirutgifter innan VA-sektoren på 1 mill. kr i 2025.

Sjølvkost - VA

Innan Vatn – Avløpssektoren vart det negativ resultatmessig effekt også i 2025 sjølv om årsresultatet for 2025 nesten går i balanse. Kommunen har relativt stor underdekning frå tidlegare år innan dette området. Akkumulert utgjør underdekning / underskott i dette sjølvkostområdet pr 31.12.2025 på 13,36 mill. kr . Frå og med 2025 er det lagt opp til lengre avskrivningstid på anlegg enn tidlegare år. Det er no føresett 60 års levetid på leidningsnett, høgdebasseng etc. i staden for 40 år som er brukt tidlegare. Dette gir noko lågare avskrivning på investert kapital , men over tid noko meir kapitalrente i levetida til anlegget.

Andre sjølvkostområde

Ein kan og merke seg vesentleg underdekning innan andre områder som kan reknast som sjølvkostområder. Funksjonane knytt til kart og oppmåling, byggesak og plansaksbehandling viser til vesentlege til samla underdekning på 3,4 mill. kr i 2025.

Årsmelding 2025

	Resultat				Balansen	
i heile tusen	Inntekter / gebyr- grunnlag	Kostnader inkl kostn ved bunden kapital	Over(+)/ underskudd (-)	Årets dekning- grad i % 1)	Vedtatt dekning- grad i %	Avsetn(+)/ bruk av (-) dekning- gradsfond / fremførba rt undersku dd pr. 31.12 2)
Funksjon 355- Renovasjon	6 681	6 681	0,00	100,0 %	100,0 %	0 0
Funksjon 354 - Slam	1 354	1 354	0,00	100,0 %	100,0 %	0 0
Funksjon 340 og 345 - Vatn *)	8 946	10 122	-1 176	88,4 %	100,0 %	0 7 666
Funksjon 350 og 353 - Avløp *)	10 676	9 433	1 243	113,2 %	100,0 %	0 5 695
Funksjon 338 - Feiing/ ansvar 440	1 549	1 586	-37	97,7 %	0,0 %	0 0
Funksjon 303- Kart og oppmåling	816	1 802	-986	45,3 %	0,0 %	0 0
Funksjon 302 - Byggesak	1 131	2 064	-933	54,8 %	0,0 %	0 0
Funksjon 301- Plansaksbehandling	94	1 565	-1 471	6,0 %	0,0 %	0 0
Funksjon 215 - SFO	282	2 377	-2 095	11,9 %	0,0 %	0 0

*) iflg eige sjølvkostrekneskap og etterkalkyle viser underdekning(ut over selvkostfonda).

Underdekning	vatn	avløp	sum
2023	478 110	3 268 961	3 747 071
2024	6 011 525	3 668 225	9 679 750
2025	1 176 740	-1 242 041	-65 301
akk pr 31.12.2025	7 666 375	5 695 145	13 361 520

	Regnskap 2025	Buds(end) 2025	Avvik	Regnskap 2024
4 Landbruk og Teknisk				
40 Kommunalsjef Landbruk Teknisk	3.396.225	4.024.527	- 628.302	3.918.521
41 Plan , kart, oppmåling og byggesak	4.622.441	6.396.221	- 1.773.780	4.788.767
43 Kommunale bygg og vegar	28.731.987	23.768.872	4.963.115	22.299.173
44 Bustadfelt og tomter	26.493	- 47.000	73.493	104.906
45 Vatn og Avløp	- 11.169.220	- 12.170.352	1.006.711	- 3.851.897
47 Landbruk	3.540.943	3.414.095	126.848	4.415.493
49 Brann og feietenester	4.120.174	3.700.000	420.174	4.136.181
Sum 4 Landbruk og Teknisk	33.269.044	29.086.363	4.182.681	35.811.144

Kraftinntekter og utbytte frå kraftsektoren

For 2025 oppnådde Vang kommune ei samla inntekt frå kraftforvaltninga 65,3 mill kr ekskl naturressursskatt, eigedomsskatt og utbytte. Dette er 13,5 mill. kr mindre enn budsjettet og 19,3 mill. mindre enn 2024. Hovudårsaken er auke i utgiftene ved utkjøp av krafta / andelskrafta. Innført statleg grunnrenteskatt har hatt vesentleg auke dei siste åra. Grunnrenteskatten knytt til andelskrafta utgjør over 30% kWh av sjølvkost/ pris ved utkjøp av krafta for vidareasal. Dette reduserer gevinsten til kommunen til eitt minimum på deler av kraftmengda kommunen kan vidaresele i marknaden.

Årsmelding 2025

Kraftforvatninga	Regnskap 2025	Buds(end) 2025	Avvik kr	Regnskap 2024	Regnskap 2023
Div utgifter	10 453	-	10 453	-	7 689
Avgifter/gebyr/lisensar mv.	458 087	400 000	58 087	399 640	399 878
Overføring til staten	791 557	2 000 000	- 1 208 443	3 493 570	3 296 206
Mva som blir kompensert	114 522	98 000	16 522	99 910	100 080
Overføring til andre (private)	-	-	-	327 389	3 392 580
Sum utgifter	1 374 619	2 498 000	- 1 123 381	4 320 509	7 196 434
Anna avgiftspliktig sal	- 29 886 150	- 39 900 000	10 013 850	- 48 791 168	- 54 955 273
Mva-kompensasjon drift	- 114 522	- 98 000	- 16 522	- 99 910	- 100 080
Konsesjonsavgift	- 27 676 664	- 27 600 000	- 76 664	- 27 618 413	- 24 063 785
Konsesjonskraftinntekter/fallerstatningar	- 4 804 979	- 9 000 000	4 195 021	- 4 491 578	- 5 930 047
Renteinntekter/kursgevinstar	4 640	-	4 640	- 3 444 921	- 3 427 999
Utbyte/eigaruttak	- 4 209 589	- 4 800 000	590 411	- 4 514 722	- 858 355
Sum inntekter	- 66 687 264	- 81 398 000	14 710 736	- 88 960 712	- 89 335 540
TOTALT	- 65 312 645	- 78 900 000	13 587 355	- 84 640 203	- 82 139 106

Skatt og rammetilskott

Rammetilskott og skatteinntekter	Regnskap 2025	Buds(end) 2025	Avvik kr	Regnskap 2024	Regnskap 2023
Rammetilskot	- 94 546 420	- 90 900 000	- 3 646 420	- 87 863 129	- 83 988 306
Andre statlege overføringar	- 2 711 485	- 3 000 000	288 515	- 2 620 647	- 2 498 191
Skatt på inntekt/formue	- 60 102 150	- 66 500 000	6 397 850	- 55 929 729	- 54 278 589
Eigedomsskatt vasskraftanlegg	- 8 011 582	- 8 080 000	68 419	- 8 017 618	- 8 608 982
Eigedomsskatt næringseigedom	- 540 316	- 720 000	179 684	- 716 421	-
Naturressursskatt	- 8 043 819	- 6 200 000	- 1 843 819	- 7 126 735	- 6 260 386
Sum Rammetilskott og skatteinntekter	- 173 955 771	- 175 400 000	1 444 229	- 162 274 278	- 155 634 454

Investeringar

Investeringsrekneskapen for 2025 viser brutto investeringsutgifter inkl. utgifter i samband med startlån på 47,7 mill. kr mot 103 mill. kr i 2024

Investeringane fordeler seg med 22,6 mill.kr til VA –anlegg og 26,1 mill. kr til andre investeringsprosjekt.

Tabellen nedanfor viser investeringsrekneskapen prosjekt og finansiering.

Årsmelding 2025

Oversikt over investeringsrekneskapen		Regnskap 2025	Buds(end) 2025	Avvik 2025	Regnskap 2024
42	Kjøp/sal av bilar	716 227	1 000 000	- 283 773	666 465
110	KLP - egenkapitalinnskot	744 012	700 000	44 012	688 518
125	Startlån	2 738 648	3 250 000	- 511 352	254 195
191	Vangsheimen - vaskemaskinar	233 050	234 000	- 950	-
238	Avdrag lån	10 000 000	10 000 000	-	-
250	Digitalisering av arkiv	328 231	250 000	78 231	350 521
275	Øye kyrkje - Servicebygg med slukkevann	73 500	-	73 500	190 294
284	Rehabilitering av kommunehuset - Ventilasjon og vindu	1 456 259	1 500 000	- 43 741	31 301 875
293	Møbler og AV utstyr til kommunestyresalen og møterom	-	100 000	- 100 000	-
297	IHT -velferdsteknologi	92 031	500 000	- 407 969	5 487 234
316	Lund - asfaltering	-	-	-	433 026
319	VBU aggregat i svømmebasseng	-	-	-	586 036
320	Trafikksikringstiltak ved barnehage	329 806	- 34 000	363 806	38 519
321	Avkjøring ved coop	401 413	400 000	1 413	477 437
322	Omsorgsbustader	12 662	-	12 662	-
324	ENØK tiltak	2 816 599	3 000 000	- 183 401	677 779
328	Prosjektering kommunale bustader	-	1 000 000	-1 000 000	-
330	Medisinsk utstyr	171 666	-	171 666	344 292
331	Vangstunet-biblioteket osv	-	-	-	361 961
332	Vangshallen-akustikktiltak	-	400 000	- 400 000	-
333	Uteområde skule og barnehagar	-	-	-	456 779
338	Kjøp/ utbygging av bustad	3 463 005	2 700 000	763 005	2 736 750
339	Lån til kjøp av bil	120 000	-	120 000	150 000
340	Nøkkelsystem - heimenesta	-	100 000	- 100 000	-
341	Nøkkelsystem Høre, Åsvang og Vangstunet	-	400 000	- 400 000	-
342	Asfaltering ved kommunehuset og Grindatun	418 516	1 000 000	- 581 484	-
343	Storplogen - ventilasjon	175 000	1 000 000	- 825 000	-
347	Teknisk utstyr HO	158 294	300 000	- 141 706	-
348	Traktor / gartnertraktor	462 500	400 000	62 500	-
349	VBU - solskjerming	418 433	350 000	68 433	-
364	Brannstasjon	-	-	-	931 634
365	Brannstasjon	-	-	-	2 186 590
400	Brannvarsling på Grindatun og andre kommunale bygg	118 408	500 000	- 381 592	683 558
402	Oppgradering av Burmavegen	441 043	1 250 000	- 808 957	8 325 071
405	Adkomstveg Tyinvegen 5128	212 004	212 000	4	2 105 477
510	Kunst og kultur	-	- 250 000	250 000	-
	Sum investeringar eksl VA	26 101 307	30 262 000	-4 160 693	59 434 011
65	Grindafjell - infrastruktur/vassforsyning	297 955	-	297 955	297 955
162	Haugastøl - vassforsyning	-	-	-	82 469
300	Rammebudjett VA	-	100 000	- 100 000	-
313	Vang sentrum -rammeplan VA	138 649	-	138 649	5 478 111
336	Høgdebasseng Grøvtølen	326 083	-	326 083	6 791 909
351	Pumpestasjon Tyinkrysset skisenter	-	1 500 000	-1 500 000	-
358	VA trase Tyinkrysset - Grøvtølen HB - Skisenter	10 097 670	10 000 000	97 670	-
359	Rammeavtale Prosjekttenester	-	1 000 000	-1 000 000	-
403	VA trase Tyinkrysset	539 418	-	539 418	15 270 989
952	Renseanlegg Tyinkrysset	1 359 028	-	1 359 028	-
960	Tyinkrysset ra (2022--)	9 878 209	5 000 000	4 878 209	15 667 833
	Sum investering innan VA	22 637 012	17 600 000	5 037 012	43 589 266
	TOTALT	48 738 319	47 862 000	876 319	103 023 277

Finansiering av investeringsreknesl		Regnskap 2025	Buds(end) 2025	Avvik 2025	Regnskap 2024
650	Anna avgiftspliktig sal varer/tenester	- 760 000,00	-	- 760 000,00	-
670	Sal fast eigedom	-	- 5 000 000,00	5 000 000,00	- 740 000,00
700	Refusjon frå staten	- 1 358 190,00	-	-1 358 190,00	- 800 000,00
729	Mva-kompensasjon	- 1 465 127,00	- 2 020 000,00	554 873,00	- 10 417 518,00
730	Refusjon frå fylkeskommunar	-	-	-	- 600 000,00
770	Refusjon frå andre (private)	- 297 956,00	-	- 297 956,00	- 397 956,00
810	Overføring frå staten	-	-	-	- 2 323 000,00
910	Bruk av lån	-29 080 000,00	-22 792 000,00	-6 288 000,00	- 56 495 000,00
912	Bruk av lån til vidareutlån	- 2 512 255,00	- 3 000 000,00	487 745,00	-
920	Motteke avdrag på utlån	- 166 376,00	-	- 166 376,00	- 85 833,00
922	Motteke avdrag på lån til vidareutlån	- 165 715,00	- 120 000,00	- 45 715,00	- 199 494,00
970	Overføring frå driftsdelen	-12 932 699,00	-14 930 000,00	1 997 301,00	- 31 533 661,00
TOTALT		-48 738 318,00	-47 862 000,00	- 876 318,00	-103 592 462,00


Finans - lånegjeld

Finansar i form av bankinnskot var 89,3 mill. pr 31.12.2025 som er nedgang frå 111,8 mill. kr pr 31.12.24. Nedgang i likviditet skuldast negative driftsresultat og bruk av fondsmiddel til saldering av resultatet og finansiering av investeringar av fondsmiddel.

Næringsfondet utgjer 67,8 mill. kr pr 31.12.25 mot 74,9 mill. pr 31.12.24. Disposisjonsfondet utgjer 38,9 mill. som er nedgang frå 74,9 mill. kr pr 31.12.24.

Bankinnskot i heile tusen	31.12.2025	31.12.2024
Vang Sparebank	89 087	111 555
Dnb	279	279
Sum Bankinnskot	89 366	111 834
Eksterne lån i heile tusen	31.12.2025	31.12.2024
KLP	77 772	81 591
Kommunalbanken	205 523	184 137
Nordea	-	10 000
Husbanken	7 470	4 696
Sum eksterne lån	290 765	280 424

Utvikling av fond og auke i lånegjeld har negativ påverknad på likviditeten i kommunen .



Internkontroll

Kommunelova § 25-1:

“Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.»

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

1. Det har vore retta fokus på oppdateringar av skriftlege interne rutinar på ulike område gjennom dei siste åra..
2. Det har vore prosessar med innføring og oppdateringar av delegeringsreglement .
3. Det har tidlegare år vore arbeidd med GDPR for å klargjere organisasjonen for personvernreglane. Vang kommune nyttar programmet Compilo som verktøy for oversikt over retningslinjer og rutinar.
4. ROS (risiko og sårberheitsanalysene) i tenestene har vorte gjennomgått.
5. Prosess med omsyn til å utvikle Kommunedirektøren sin overordna internkontroll er under arbeid.
6. Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsorden som eit prioritert område slik dette går fram av økonomiplan-dokumentet. Internkontroll er jamnleg tema på leiarmøter. Fem kommunar i

Valdres har samarbeid om personvernrådgjevar med Vestre Slidre kommune som arbeidsgjevar.

Etisk Standard

Etter kommunelova § 14-2.ledd d skal det redegjerast for tiltak som er satt i verk/planlagt for å sikre ein høg etisk standard.

Etisk reglement:

Kommunen har utarbeida etiske retningslinjer for tilsette. Retningslinene tek føre seg visjon, forventningar og ansvar, kommunikasjon, relasjonar (herunder habilitet), ytringsfridom, varslingsplikt, gåver og forvaltning av kommunen sine ressursar. Retningslinene er lett tilgjengeleg på kommunen sitt digitale internkontrollsystem. Etisk reglement er også lagt på obligatorisk leseliste for alle tilsette i Vang kommune, i internkontrollsystemet.

Kommunen har også utarbeida eitt etisk reglement for folkevalde.

Retningslinene ligg tilgjengeleg for alle på Vang kommune si heimeside.

Varslingsrutinar:

Som ein del av kommunen sitt HMS-system har Vang kommune utarbeida rutine for varslingsrutinar. Rutine tek føre seg kva varslingsrutinar og kritikkverdige tilhøve er definert som, når og korleis ein bør varsle, og vidare handtering av varselet. Rutine for varslingsrutinar er tilgjengeleg for alle tilsette i kommunen sitt digitale internkontrollsystem, der er det også ein digital varslingsfunksjon. Leiarar med personalansvar er ansvarlege for at tilsette er kjent med rutinar, og det vert jamnleg informert om rutine for varslingsrutinar i informasjonskanalar t.d på intranett. Rutine for varslingsrutinar er i tillegg lagt på obligatorisk leseliste for alle tilsette i Vang kommune, i internkontrollsystemet.

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg kommunedirektøren vekt på å:

1. følgje signala som ligg i kommunen sine etiske retningslinjer.
2. følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdier og haldningar.
3. vera open for varslingsrutinar og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement, jf. varslingsreglementet.
4. byggje og vedlikehalde høg grad av integritet både for administrasjonen og dei politiske organa.

3. Personal og organisasjon

Rekruttering

I 2025 vart det lyst ut 51 stillingar i kommunen. Desse stillingane gav til saman 329 søkjarar og 78 tilsettingar gjennom året. Tala omfattar også stillingar som sommarvikarar og tilkallingsvikarar.

Dei siste åra har rekruttering vorte stadig meir utfordrande. Dette er særleg tydeleg innan helsefeltet, til dømes for sjukepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar og lærlingar. Det same gjeld stillingar i barnehage, som pedagogisk leiar, barne- og ungdomsarbeidarar og lærlingar.

Det er òg færre kvalifiserte søkjarar til lærarstillingar, leiarstillingar og fagstillingar innan landbruk og teknisk enn tidlegare.

I barnehagane i Vang har det i 2025 vore to pedagogiske leiarar på dispensasjon, grunna mangel på kvalifiserte søkjarar i samband med fråvær og permisjonar.

Ved Vang barne- og ungdomsskule er alle lærarstillingar fylte med kvalifiserte lærarar. Samstundes har det vore utfordrande å rekruttere kvalifiserte vikarar til kortare vikariat.

Innan turnusstillingar i helse og omsorg er det vanskeleg å få fylt helgestillingar med faglært personell, og generelt krevjande å rekruttere til helsefaglege stillingar.

Samanlikna med tidlegare år ser kommunen ein nedgang i talet på lærlingsøkjarar. Mange yrkesfagelevar vel påbygg og høgare utdanning framfor læretid. Det er også generelt utfordrande å rekruttere tilkallingsvikarar og vikarar i kortare arbeidsforhold på tvers av alle tenesteområde.

Samla sett er søkjarmassen oftast både mindre og mindre kvalifisert enn det kommunen ønskjer. Difor arbeider kommunen aktivt med å nytte fleire og nye rekrutteringskanalar, mellom anna sosiale medium, og med å nå ut til større geografiske område enn tidlegare. For nokre stillingar, der det har vore særleg utfordrande å rekruttere kvalifisert personell, er det også sett inn eigne rekrutteringstiltak. Dette gjeld mellom anna pedagogiske leiarar i barnehage, vernepleiarar og sjukepleiarar. Samstundes må det understrekast at det har blitt gjort gode rekrutteringar til mange stillingar tross liten søkjarmasse.

Likestilling

Etter kommunelova skal kommunen greie ut om den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling, og om kva tiltak kommunen set i verk for å oppfylle aktivitetsplikta som arbeidsgjevar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26. Dette følgjer av krava i kommunelova § 14-7 andre ledd bokstav e og f.

Statistikken viser at det er ei klar kvinneovervekt blant dei tilsette i kommunen. Kommunen ønskjer fleire menn innan fleire tenesteområde, særleg i helse og omsorg og i barnehage.

Oversikt over kjønnsamansetjing:

- Kvinner: 224 av 291 tilsette (77 %)
- Menn: 67 av 291 tilsette (23 %)

Leiarnivå:

Mellomleiarar:

- Kvinner: 15 av 20 (75 %)
- Menn: 5 av 20 (25 %)

Toppleiargruppe:

- Kvinner: 4 av 6 (66 %)
- Menn: 2 av 6 (33 %)

Tiltak for å fremje likestilling

- Likestilling er definert som eit eige delmål i kommunen sine lønnspolitiske retningslinjer, med tilhøyrande strategi.
- Likestilling og tiltak som fremjar likestilling er jamleg tema i leiarmøte, i Arbeidsmiljøutvalet (mellom anna knytt til heiltidskultur) og i møte med tillitsvalde.
- I alle stillingsutlysingar nyttar kommunen formuleringa:
«Vang kommune er oppteken av mangfald og oppmodar kvalifiserte kandidatar til å søkje uansett alder, kjønn, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn.»
Kommunen er bevisst på å kalle inn søkjarar basert på kvalifikasjonane deira sett opp mot krava i stillingsutlysinga.
- Likestilling er òg definert som eit mål i Vang kommune sin samfunnsplan.

Heiltidskultur

Vang kommune ynskjer at flest mogleg av dei tilsette arbeider i heiltidsstilling så langt det er mogleg. Heiltidskultur er eit prioritert satsingsområde og blir jamleg drøfta i administrative møte, i Arbeidsmiljøutvalet og i møte med tillitsvalde.

I dei fleste tenesteområda tilbyr kommunen heiltidsstillingar. Innan helse og omsorg er det likevel meir utfordrande å tilby heiltid generelt. Utviding av stillingar kan føre til fleire små helgestillingar dersom arbeidstidsordningane ikkje blir endra. I tillegg er det vanskeleg å tilby heiltidsstillingar til ufaglærte, då dei fleste avdelingane har krav om kvalifisert fagpersonell.

Kommunen ser òg at fleire tilsette ønskjer å arbeide deltid. Mange har redusert arbeidstid i periodar av livet, til dømes i samband med omsorg for små barn. Andre kombinerer stilling i Vang kommune med anna arbeid, som arbeid i privat næringsliv eller gardsdrift. Dette fører i fleire tilfelle til reststillingar, både faste stillingar og vikariat, som igjen kan bidra til meir deltid.

Vang kommune kartlegg jamleg både frivillig og ufrivillig deltid. Dette blir gjort både på individnivå, som tema i medarbeidersamtalar, og på avdelings- og kommunenivå gjennom medarbeidarundersøkingar. Fortrinnsrett til utvida stilling ved utlysing av ledige stillingar blir nytta aktivt.

Stillingsstorleik	Antall	Prosent
100 % stilling	150/291	51 %
80 –99,99 % stilling	76/291	26 %
50 – 79,99 % stilling	37/291	13 %
0 – 49,99 % stilling	28/291	10 %

Merk at tabellen ikkje tar høgde for at nokon arbeidar redusert ein periode, medan andre arbeidar utover stillingsstorleiken sin.

Sjukefråvær

Vang kommune arbeidar systematisk med sjukefråvær på individnivå, avdelingsnivå og kommunenivå.

Sjukefråvær er fast tema i dei kvartalsvise møta i Arbeidsmiljøutvalet, i møte med tillitsvalde, samt i administrative etatsmøte og leiarmøte. Medco bedriftshelseteneste er ein viktig samarbeidspartnar i arbeidet med sjukefråvær, både på overordna nivå og i enkelte saker på individnivå.



Statistikk for sjukefråvær viser at langtidsfråværet utgjer den største delen av det samla sjukefråværet i kommunen.


Sjukefråværsarbeidet har hatt stor merksemd i 2024 og 2025. I 2024 vart det innført HMS-grupper i dei største avdelingane, samansett av leiar, tillitsvald og verneombod. Desse gruppene har hatt fire felles samlingar med Arbeidslivssenteret Innlandet, i tillegg til to individuelle møter. Sjukefråvær har vore eit gjennomgåande tema i leiarsamlingar, i leiargruppa og i det systematiske HMS-arbeidet.

Rutina for oppfølging av sjukemelde er revidert, og det er innført automatiske varslingar i lønssystemet som gir leiar påminningar knytt til ulike fasar i sjukefråværet. Attføringsutval er etablert på nytt, tilsette har fått informasjon om sjukefråvær og oppfølging, og det er fastsett kriterium for ekstra oppfølging ved særleg høgt sjukefråvær (10 prosent fråvær hjå den enkelte).

Samtidig er det klart at hovudtyngda av sjukefråværsarbeidet skjer i den einskilde avdelinga, i samhandlinga mellom leiar og tilsett. Nokre leiarar har arbeidd særleg systematisk og grundig med oppfølging av sjukefråvær, og dette har gitt gode resultat.

I 2025 ser Vang kommune endeleg ei positiv utvikling i sjukefråværet, etter fleire år med negativ utvikling.





4. Oppfølging av mål og satsingsområder

Oppvekstløftet

Satsing på barn og unge gjennom Oppvekstløftet og styrking av laget rundt dei barna som treng det mest

Barnevernsreforma (heretter kalla oppvekstreforma) er ein samhandlingsreform for barn, unge og deira familiar. I tillegg til å gje kommunane eit større fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet, skal reforma bidra til å styrke kommunane sine moglegheiter og incentiv til førebygging og tidleg innsats.

Måla med reforma er kort oppsummert at fleire barn skal få rett hjelp til rett tid, og at tilbodet til barn og familiar i større grad skal tilpassast lokale forhold. Vi kan berre nå måla i reforma gjennom samhandling og utvikling alle dei tenestene som er i kontakt med barn, unge og deira familiar.

Parallelt med oppvekstreforma skjer det eit arbeid med «Laget rundt barnet» innanfor barnehage- og skulesektoren, Kompetanseløftet, med overføring av oppgåver og ansvar frå stat til kommunar. I Valdres skal vi sjå oppvekstreforma og kompetanseløftet i samanheng for å lage eit heilskapleg lag rundt utsette barn og familiane deira. Valdres ynskjer å jobbe saman om dette, og det interkommunale prosjektet som er sett igang har fått namnet «Oppvekstløftet for utsatte barn i Valdres».

Med bakgrunn i lokale behov og tilgjengeleg statistikk, lovpålagte krav og politiske mål i kommuneplanen vil kommunedirektøren, i samband med Oppvekstløftet, foreslå ei rekke tiltak for å styrke laget rundt utsette barn i Valdres

- Vidareføre gratis SFO for 1.-4.klasse og for barn med særskild behov på 1.-7.trinn
- Vidare satsing på prosjekta "Alle med", "Ung i Vang" og "Aktive saman"

Bustad- og næringsutvikling

Bustadutvikling

Ein grunnleggjande føresetnad for å leve eit godt liv er å ha tryggleik rundt eigen busituasjon. Vang kommune har derfor som satsingsområde å bidra til å skape eit attraktivt og varierande bustadmarknad, der nærleik til sosiale møteplassar, kommunale tenester og offentleg infrastruktur skal vektleggjast. Tiltaka gjennomførast i tråd med Bustadpolitisk plan og vedtatt strategisk handlingsplan, og innanfor dei økonomiske rammer som settast i budsjettet.

Næringsutvikling

Eit framtidsretta, mangfoldig og verdiskapande næringsliv er heilt avgjerande for samfunnsutviklinga i kommunen. Vang kommune har derfor som satsingsområde å bidra til ei framtidsretta utvikling for næringslivet i Vang. Konkurransedyktige bedrifter med kompetente medarbeidarar og framoverlente leiarar vil skape attraktive arbeidsplassar og sysselsetting, som har mange positive ringverknadar for kommunen.

Vang kommune vil i økonomiplanperioden

- Tilsette ein ny rådgjevar for bustad- og næringsutvikling (2025)
- Satse på eit lærlingprosjekt i samarbeid med næringslivet
- Støtte bedrifter med tiltak og investeringar som bidreg til berekraftig nærings- og samfunnsutvikling i Vang
- Støtte tiltak for å vidareutvikle og styrke landbruket i Vang

Det er gitt følgjande tilskott til nærings-og bustadtiltak i 2025

Tilskott - mottaker	Beløp 2025
Tilskott til breibandsutbygging	220.000
Tilskott til arrangement	230.000
Tilskott til investeringar ti bedrifter	2.262.155
Tilskott til Visit Valdres	300.000
Tilskott til løypelag	300.000
Tilskott til budstadbygging	700.000
Tilskott til veg	106.531
Tilskott til private VA-ledningar	376.594
Andre utgifter	13.283
Sum tilskott betalsta næringfondet	4.508.563

Rekruttering

Ein av dei største utfordringane for kommunen dei neste åra blir å få tak i og halde på dei rette folka med den rette kompetansen. Mangelen på kvalifisert personell innan fleire fagområder er alvorleg i heile kommunesektoren. For å klare å rekruttere og behalde dei rette medarbeidarane er samansatt må ein kunne tilby ein god totalpakke, der både stillinga sine oppgåver og vilkår, arbeidsmiljø, bustad, sosialt miljø, fritidstilbod, kommunale tenester osb. spelar inn. Vang kommune vil gjennom dette

satsingsområdet nytte ressursar i økonomiplanen på å skape ein best mogleg totalpakke for våre noverande og framtidige tilsette.

Status satsingsområde

Kommunen har i 2025 sett fokus på teamet rekruttere og behalde. Dette er eitt koninuerlieg arbeid som vil bli vidareført utover i økonomiplanperioden. Det vart i 2025 lyst ut 51 stillingar i kommunen. Desse stillingane gav til saman 329 søkjarar og 78 tilsettingar gjennom året. Tala omfattar også stillingar som sommarvikarar og tilkallingsvikarar.

Dei siste åra har rekruttering vorte stadig meir utfordrande. Dette er særleg tydeleg innan helsefeltet, til dømes for sjukepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar og lærlingar. Det same gjeld stillingar i barnehage, som pedagogisk leiar, barne- og ungdomsarbeidarar og lærlingar.

Det er òg færre kvalifiserte søkjarar til lærarstillingar, leiarstillingar og fagstillingar innan landbruk og teknisk enn tidlegare.

I barnehagane i Vang har det i 2025 vore to pedagogiske leiarar på dispensasjon, grunna mangel på kvalifiserte søkjarar i samband med fråvær og permisjonar.

Omstilling til berekraftig økonomisk utvikling

Målet med omstillinga er å halde fram med eit høgt nivå på alle tenester innan kommunen sin kjerneverksemd, og samtidig nå dei vedtekne økonomiske og finansielle måla innan 2028. Ein konsekvens av dette er at ein må sjå nytt på korleis me kan drifte kommunen meir kostnadseffektivt og berekraftig. Det må også gjerast innsparingar på områder som ikkje er definert som kjerneverksemd og lovpålagte tenester.

For å få betre balanse i driftsbudsjettet må ein også sjå på kommunen sine inntekter.

Rammeoverføringane frå staten og kraftinntektene utgjør brorparten av inntektene våre, men desse har kommunen liten verknad på. Dei inntektene kommune kan styre er nivået og omfanget på kommunale gebyr og skattar. Vang kommune har ligge relativt lågt på dei fleste gebyrsatsane, og krev heller ikkje inn eigedomsskatt på anna enn vasskraftanlegga. Her ligg det eit inntekspotensial for kommunen. Det er også mogleg å sjå på alternativ for å auke finansielle inntekter noko.

Kommunedirektøren vil i løpet av økonomiplanperioden leggje fram ei politisk sak der kommunestyret må ta stilling til om ein skal omstrukturere og førebu kutt for å få ned driftskostnadane, eller om ein skal setje igang tiltak for å auke dei frie inntektene gjennom gebyr og skatt. Truleg er det behov for å gjere begge deler.

Gjennom første halvår av 2025 vil kommunedirektøren saman med leiargruppa, tenesteleiarar og tillitsvalde leggje opp ein prosess for utarbeide konkrete mål og plan for omstillinga. Tiltaka i omstillinga vil truleg skje frå andre halvår i 2025 og utover i økonomiplanperioden. Formannskapet og kommunestyret må vere tett på denne prosessen, og bidra med viktig politisk arbeid ut mot lokalsamfunnet og i folkevalde organ for å få gjennomført den nødvendige omstillinga.

I kommunestyret 18.sept 2025 vart det behandla sak om overordna prinsipp, avklaringar, delegering og plan for den vidare omstillingsprosessen i samband med handlings- og økonomiplan (HØP) for 2026-2029. Saksframlegget med vedtak og vedlegg bli nytta som eit styringsdokument for den vidare

omstillingsprosessen. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om tilslutning til framlag plan for prosessen.

Tiltaka i omstillinga er førsettt ha verknad frå 2026 med effekt utover i økonomiplanperioden. Prosjektleiar er engasjert knytt til denne prosessen i 2026.

Status overordna mål

Målsettingar

- Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslende behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen.
- Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.
- Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.
- Vang kommune skal føre ein nøktern og realistisk økonomisk politikk bygd på langsiktig planlegging
- Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

5. Samfunns – og befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 3. Kvartal 2025

	2022	2023	2024	2025
Folketal ved inngangen av kvartalet	1 587	1 636	1 645	1 648
Fødde	18	17	13	9
Døde	17	16	17	8
Fødselsoverskot	1	1	-4	1
Innvandring	203	316	274	138
Utvandring	6	9	11	17
Innflytting, innanlands	72	77	70	54
Utflytting, innanlands	226	374	327	156
Netto innvandring og flytting	43	10	6	19
Folkevekst	49	9	3	20
Folketalet ved utgangen av kvartalet	1 636	1 645	1 648	1 668

6. Kommunen sine etatar

6.1. Sentrale politiske og administrative organ

Området inneheld alle utgifter knytt til den politiske og administrative styringa av kommunen.

I området inngår møtegodtgjersle og andre utgifter til politiske organ. Vidare utgifter til servicetorg på kommunehuset, politisk sekretariat, post- og arkiv, HR-området, informasjon, rekneskap og økonomistyring og andre støttefunksjonar.

Området sentrale funksjonar knytt til :

- kvalitets-system og internkontroll
- og utviklingsoppgåver for einingane
- sekreterat for dei folkevalde organa som kommunestyret/formannskapet og råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing, ungdomsrådet

Utgifter til kontrollutvalet inkludert utgifter til revisjon, tilskott til interkommunale samarbeid til innkjøpssamarbeidet, personvernombod, borgerlige vigsler, fellesposter som forsikringar, frikjøp hovudtilitsvalde og felles IKT-utgifter er og bokført på dette området.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025					
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Politisk styring	2 895	2 689	2 689	2 932	-243	-9,0 %
Kontroll/revisjon	785	1 132	1 132	1 017	115	10,1 %
Administrasjon	13 399	13 986	14 486	14 139	347	2,4 %
Forvaltning bygg/eigedom	-44	-40	-40	-218	178	444,1 %
Administrasjonslokale	0	0	0	12	-12	0,0 %
Fellesutgifter	101	37	37	98	-61	-164,4 %
Grunnskule	0	0	0	45	-45	0,0 %
Aktivitetstilbod barn/unge	56	64	64	26	38	59,0 %
Råd/retteiing/sosialt førebyggjande arbeid	-83	-115	-115	-110	-5	-4,4 %
Institusjonslokale	-55	-50	-50	0	-50	-100,0 %
Bistand til eigen bustad	0	0	0	-61	61	0,0 %
Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	0	0	0	-2	2	0,0 %
Næringsutvikling	0	1 650	1 850	1 179	671	36,3 %
Førebygging brann/ulykker	29	20	120	26	94	78,0 %
Beredskap mot brann/ulykker	0	0	0	17	-17	0,0 %
Andre kulturaktivitetar	0	0	0	4	-4	0,0 %
Den norske kyrkja	5 184	5 300	5 300	5 300	0	0,0 %
Sum	22 290	24 673	25 473	24 407	1 066	4,2 %

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	9 519	11 651	11 785	134	1,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 268	3 163	4 128	965	23,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4 703	4 794	4 440	-354	-8,0 %
Overføringsutgifter	6 135	6 246	6 351	105	1,7 %
Finansutgifter	1	50	0	-50	0,0 %

Årsmelding 2025

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum Driftsutgifter	23 626	25 903	26 704	801	3,0 %
Salgsinntekter	-575	-415	-620	-205	33,1 %
Refusjoner	-659	-788	-511	277	-54,1 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-101	-294	-100	194	-193,8 %
Sum Driftsinntekter	-1 336	-1 496	-1 231	265	-21,5 %
Netto resultat	22 290	24 407	25 473	1 066	4,2 %


Driftsutgifter

Beløp i hele kr.



Driftsinntekter

Beløp i hele kr.



Status hovedmål

- Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslende behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen.
- Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.
- Vang kommune skal føre ein nøktern og realistisk økonomisk politikk bygd på langsiktig planlegging
- Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2024	Vang 2025	Etneidal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe In 06
Prioritet								
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	10 782	8 823	7 860	5 788	7 308	5 473	5 418	7 409
Diverse fellesutgifter brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	40	39	8	25	29	10	42	298
Forv.utgifter i ei endomsforv. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	396	306	776	0	854	89	367	368
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	276	266	296	174	196	196	116	259
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	1 015	807	598	732	1 155	403	466	808
Grunnlagsdata (Nivå 3)								
Ekst. KF/IKS Annet Avtalte årsverk eksklusive lange fravær (antall)	3,8	4,5	2,0	1,0	0,0	1,2	10,2	163,7

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Politiske og adm styringsorgan

Beskriving av etaten

Politiske styring av Vang kommune består av :

- Kommunestyret med 17 medlemmer
- Formannskap med 5 medlemmer
- Hovudutval for utvikling med 7 medlem
- Hovudutval for levekår med 7 medlemmer (avvikla frå 1.januar 2026)
- Eldrerådet med 7 medlemmer
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 5 medlemmer
- Ungdomsrådet

Kontroll og revisjon

Frå og med 2021 har det vore Revisjon Innlandet IKS som har hatt oppdraget med finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet i Vang kommune består av 5 medlemmer

Administrasjon og saksbehandling til kontrollutvalet blir utført av eige sekretariat.

Status økonomi

Beløp i 1000

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025					
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud.	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Politisk styring	2 894	2 689	2 689	2 928	-239	-8,9 %
Kontroll/revisjon	768	1 132	1 132	1 017	115	10,1 %
Administrasjon	-1	-10	-10	0	-10	-100,0 %
Fellesutgifter	101	37	37	97	-60	-161,3 %
Aktivitetstilbud barn/unge	56	64	64	26	38	59,0 %
Bistand til eigen bustad	0	0	0	-61	61	0,0 %
Næringsutvikling	0	10	10	0	10	100,0 %
Sum	3 818	3 922	3 922	4 007	-85	-2,2 %


Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Lønn	1 907	1 788	1 788	2 216
Sum Lønn	1 907	1 788	1 788	2 216
Drift	754	614	614	477
Kjøp av produksjon	697	1 030	1 030	947
Overføringer	560	616	616	498
Finansutgifter	0	0	0	50
Sum Utgifter	2 011	2 260	2 260	1 972
Brukerbetaling	0	0	0	0
Refusjoner	-98	-116	-116	-119
Finansinntekter	-1	-10	-10	-61
Sum Inntekter	-99	-126	-126	-180
Netto resultat	3 818	3 922	3 922	4 007

Driftsutgifter

Årsmelding 2025

Beløp i hele kr.



Kommunedirektør

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert Rekneskap budsjett 2025		Avvik i kr	Avvik i %
			Rev. bud.	Rekneskap 2025		
Politisk styring	0	0	0	4	-4	0,0 %
Administrasjon	1 379	1 625	1 625	1 579	46	2,8 %
Administrasjonslokale	0	0	0	8	-8	0,0 %
Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	0	0	0	-2	2	0,0 %
Næringsutvikling	0	1 623	1 823	1 179	644	35,3 %
Førebygging brann/ulykker	29	20	120	26	94	78,0 %
Beredskap mot brann/ulykker	0	0	0	17	-17	0,0 %
Sum	1 447	3 267	3 567	2 812	755	21,2 %

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	1 342	2 460	2 402	-57	-2,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	110	352	1 065	713	66,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	0	0	0,0 %
Overføringsutgifter	20	55	150	95	63,5 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	1 472	2 867	3 617	751	20,8 %
Refusjoner	-26	-55	-50	5	-9,4 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-26	-55	-50	5	-9,4 %
Netto resultat	1 447	2 812	3 567	755	21,2 %

Stab

Arbeidsområdet er innan :

- HR – personal og løn
- Økonomi og rekneskap
- Fakturering
- Servicetorg

- Arkiv
- Møtesekreteriat
- Val
- Systemansvar for dagsprogram
- mm

Stabstjenestene er organisert under to avdelinger :

- Økonomi og Rekneskap - ØR
- HR Service og Service - HOS

Bemanning :

Antal tilsette i stabssområdet er 9 fordelt på 8,4 årsverk

Overordna mål

Stab har som målsetninger :

- å yte god service til innbyggjarane.
- å yte god ressursutnytting, planlegging og handling i tråd med økonomiske realitetar.
- å yte gode tenester overfor etatane og verksemdene i kommunen
- Sikre gode rutine innan økonomi og løns-og personalområdet

Viktige hendingar

HR - funksjonen inngår i Stab som skildrar status knytt til :

- Rekruttering
- Likestilling
- Sjukefråvær

6.2. Utdanning og Kultur

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Gruppeansvar	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
20-Kommunalsjef Utdanning og Kultur	5 299	5 843	4 931	912	15,6 %
22-Grunnskolen	37 551	42 002	41 675	327	0,8 %
25-Barnehager	17 693	19 870	17 601	2 269	11,4 %

Årsmelding 2025

Gruppeansvar

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
26-Kulturadministrasjon	6 147	7 690	6 485	1 205	15,7 %
27-Vaksenopplæring	-5 900	-5 870	-8 694	2 824	48,1 %
29-Frivilligsentralen	716	1 118	686	432	38,6 %
Sum	61 505	70 653	62 685	7 968	11,3 %

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	76 889	82 412	86 586	4 174	4,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	10 114	8 420	9 863	1 443	14,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 625	3 525	3 815	290	7,6 %
Overføringsutgifter	2 768	2 206	1 848	-358	-19,4 %
Finansutgifter	0	295	0	-295	0,0 %
Sum Driftsutgifter	92 396	96 857	102 112	5 254	5,1 %
Salgsinntekter	-3 639	-2 725	-2 970	-245	8,2 %
Refusjoner	-12 864	-14 993	-11 781	3 212	-27,3 %
Overføringsinntekter	-14 275	-16 235	-16 708	-473	2,8 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-112	-219	0	219	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-30 891	-34 173	-31 459	2 714	-8,6 %
Netto resultat	61 505	62 685	70 653	7 968	11,3 %

Totaloversikt drift - fordelt på kontogruppar


Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Lønn	76 889	88 064	86 586	82 412
Refusjon lønn	-4 710	-6 666	-6 666	-6 793
Sum Lønn	72 178	81 398	79 920	75 619
Drift	10 114	9 863	9 863	8 420
Kjøp av produksjon	2 625	3 815	3 815	3 525
Overføringer	2 768	1 848	1 848	2 206
Finansutgifter	0	0	0	295
Sum Utgifter	15 507	15 526	15 526	14 446
Brukerbetaling	-3 639	-2 970	-2 970	-2 725
Refusjoner	-8 154	-5 115	-5 115	-8 201
Overføringer	-14 275	-16 708	-16 708	-16 235
Finansinntekter	-112	0	0	-219
Sum Inntekter	-26 180	-24 793	-24 793	-27 380
Netto resultat	61 505	72 130	70 653	62 685

Driftsutgifter


Årsmelding 2025

Beløp i hele kr.



Driftsinntekter

Beløp i hele kr.



KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2024	Vang 2025	Etneidal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe In 06
Prioritet								
Brutto investeringsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger *)	592,6	1 893,2	4 020,1	229,2	2 591,7	4 513,3	86,4	2 354,5
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	6 785	6 773	2 655	4 179	3 942	2 234	4 046	4 411
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	25,2 %	26,7 %	14,9 %	20,2 %	19,2 %	24,1 %	19,0 %	20,2 %
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	296 338	257 049	180 866	258 755	242 519	264 234	240 887	293 767

Årsmelding 2025

Netto driftsutgifter til funksjon 392 tilskudd til tros- og livssynssamfunn pr. innbygger *)	0	0	0	0	0	0	0	2
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner *)	3 329	3 483	1 707	1 714	1 580	1 308	1 108	1 373
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	164 383	182 522	88 814	150 832	139 171	155 954	138 325	140 873
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år *) **)	231 999	257 781	108 648	185 507	186 439	204 661	168 703	185 968
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	9 047	10 320	5 556	16 202	5 176	7 443	6 850	7 158
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	23 999	25 473	5 162	4 197	5 038	11 884	7 864	19 994
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	2,6 %	2,8 %	1,8 %	1,8 %	1,5 %	1,4 %	1,2 %	1,2 %
Produktivitet								
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger *) **)	5,3	4,6	0,3	2,9	0,8	2,0	1,0	2,0
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen *)	2 762	2 570	4 472	1 464	1 774	2 403	1 876	2 953
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker *)	36 097	30 108	32 747	30 782	19 106	24 481	27 611	32 195
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker *)	41 431	37 104	31 372	11 348	24 158	34 007	24 324	41 492
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	271 205	294 865	179 789	218 477	241 973	244 058	188 799	224 519
Dekningsgrad								
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	0,0 %	0,0 %	0,0 %	9,8 %	8,8 %	1,3 %	3,7 %	3,3 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,8 %	7,3 %	10,2 %	7,1 %	12,6 %	9,1 %	8,6 %	9,8 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	18,8 %	15,3 %	25,5 %	6,0 %	2,7 %	6,1 %	3,2 %	6,9 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	88,1 %	92,2 %	27,9 %	56,8 %	52,1 %	50,0 %	39,3 %	68,9 %
Kvalitet								
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	100,0	97,9	95,5	92,1	100,0	88,7	92,8	
Besøk i folkebibliotek per innbygger	7,1	7,7		2,1	2,4	5,9	3,2	2,8
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,6	4,0	3,9	4,2	3,8	4,0	4,0	
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	7,6	7,6	9,9	9,7	9,2	8,5	10,2	8,7
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	44,0	53,0	48,0	52,0	51,0	47,0	47,0	
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	47,0	50,0	52,0	55,0	54,0	48,0	48,0	
Andre nøkkeltal								
Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere	16,4							
Flyktninger - Faktisk bosetting - Prosent av anmodning	135,0 %	93,3 %	110,0 %	113,3 %	80,0 %	125,0 %	100,0 %	106,1 %
Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning	150,0 %	133,3 %	100,0 %	133,3 %	100,0 %	125,0 %	100,0 %	129,6 %
Innvandrere i arbeid (prosent)	55,4 %							

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kommunalsjef Utdanning og Kultur

Beskriving av etaten

Kommunalsjef for utdanning og kultur har på overordna nivå ansvar for grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, læringssenter med vaksenopplæring, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, kulturarbeid, barne - og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett, friluftsliv og natur - og kulturbasert reiseliv.

Mål for verksemda

- Skule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innanfor etaten sine einingar skal ein legge til rette for at dei tilsette trivst og opplever personleg og fagleg utvikling.
- Innanfor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innanfor tildelte budsjetttrammer.

Talet på tilsette i 2025 var ca. 141 + 6 ungdomar i sommarhalvåret. Dette utgjorde ca. 80 årsverk.

Sykefråværet var i 2025 på 7,9 %. Vi har eit fokus på jobbnærvær i samarbeid med andre etatar i kommunen.

På etatskontoret har det i 2025 vore kommunalsjef i 100 % stilling, etatsrådgivar i 200 % stilling. Det var ungdomsarbeidar i 100 % stilling fram til september 2025 og den ble så redusert til 20 %.

Det har samla sett ikkje vore store avvik mellom budsjett og rekneskap.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert Rekneskap budsjett 2025		Avvik i kr	Avvik i %
			Rev. bud.	Rekneskap		
Administrasjon	2 262	2 531	2 531	2 407	124	4,9 %
Administrasjonslokale	0	31	31	4	27	87,4 %
Barnehage	648	715	715	582	133	18,6 %
Grunnskule	618	886	886	564	322	36,4 %
Barnehagelokale/skyss	141	380	380	151	229	60,1 %
Skulelokale	0	0	0	-1	1	0,0 %
Skuleskyss	1 549	1 600	1 600	1 412	188	11,7 %
Aktivitetstilbod barn/unge	884	899	899	636	263	29,3 %
Statstilskot flyktningar mv.	-586	-1 200	-1 200	-629	-571	-47,6 %
Renter/utbyte/lån	-228	0	0	-196	196	0,0 %
Sum	5 299	5 843	5 843	4 931	912	15,6 %

Årsmelding 2025


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	3 782	3 933	4 116	183	4,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 975	1 854	2 350	495	21,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 000	902	1 079	177	16,4 %
Overføringsutgifter	302	262	58	-204	-351,9 %
Finansutgifter	0	253	0	-253	0,0 %
Sum Driftsutgifter	7 059	7 204	7 603	398	5,2 %
Salgsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Refusjoner	-943	-1 448	-560	888	-158,5 %
Overføringsinntekter	-813	-825	-1 200	-375	31,2 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-3	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-1 760	-2 273	-1 760	513	-29,2 %
Netto resultat	5 299	4 931	5 843	912	15,6 %

Driftsutgifter

Beløp i heile kr.



Status hovudmål

- Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.

- Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.
- Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

Grunnskulen

Overordna mål for verksemda Vang barne- og ungdomsskule.

- å vere ei skule med eit inkluderande miljø, der elevar opplever meistringskjensle og læringsglede
- å utvikle robuste elevar som er i stand til å takle både medgang og motgang
- å vere ein skule der tilsette trivst og opplever personleg utvikling, gjennom godt samarbeid i eit fagmiljø som baserer arbeidet på kunnskap.

Aktivitet og gjennomførte tiltak i 2025:

Vang barne- og ungdomsskule hadde i 2025 om lag 54 tilsette og 177 elevar per 1. oktober 2025. Talet på elevar endrar seg frå veke til veke etter talet på skulebarn på flyktningmottaket. Av dei 177 elevane hadde 27 elevar forsterka opplæring i norsk, 11 elevar personleg assistanse og 13 elevar individuelt tilrettelagt opplæring.

Skulen har dette året jobba vidare med skulemiljø og HMS. Skulemiljøteamet har møte kvar veke og her deltek i år også skulehelsetenesta fast. Skulemiljøteamet skal jobbe førebyggjande og vere til støtte for enkeltelevar eller grupper/klasser som har behov for det i samarbeid med klasseteam og føresette. Dersom det blir rapportert om mobbing eller skulen ser bekymring tilknytt sosiogram eller anna observasjon blir det raskt sett i gang undersøking og tiltak.

HMS-arbeidet ved skulen er forankra i HMS-gruppa som har møte ein gong i månaden. Overordna mål er å oppretthalde ein arbeidsplass der ein jobbar i fellesskap for å nå måla. Høgt fagleg nivå, høg trivsel og lågt sjukefråvær er måla. Dette året har skulen hatt ekstra fokus på emosjonelle krav i samarbeid med bedriftshelsetenesta. Det har vidare vore fokus på å utnytte ressursane godt gjennom eit godt samarbeid og tydelege arbeidsoppgåver/arbeidsfordeling blant dei vaksne i klasserommet. Hensikten er at desse målretta tiltaka skal koma elevar og tilsette til gode.

Utviklingsarbeidet på VBU har i tillegg til emosjonelle krav og utnytting av ressursar gått til arbeid med leseopplæring ved skulen og spesielt leselyst/litteraturfestivalen som er i februar kvart år. I samband med lese- og skriveopplæring må skulen forholde seg til at KI har komen for å bli. Kompetanseheving på KI og språkmodellar har derav vore nødvendig.

SFO: Etter at Vang kommune la til rette for gratis SFO har talet barn som brukar SFO stabilisert seg på eit høgt nivå. Vi har dette skuleåret flytta SFO til skulebiblioteket og haustar erfaring for korleis samlokalisering og samarbeid kan koma til nytte her.

Resultatvurdering økonomi: Vang barne- og ungdomsskule og SFO hadde samla eit mindreforbruk på ca. 330 000 kr i forhold til budsjett. Dei største avvika er eit samla meirforbruk på lønnsområdet på ca. kr 560000 som skuldast mindre lønsrefusjonar enn budsjettert og ca 880000 i meir andre inntekter enn budsjettert (ikkje knytt til lønsområdet).

Standpunkt/eksamen: Avgangselevane gjennomførte grunnskulen med snitt på standpunktkarakterar som landsgjennomsnittet i dei fleste basisfag. Litt under i engelsk medan noko over i matematikk og

norsk. Elevane på VBU kom opp i matematikk på skriftleg eksamen. Samtlege elevar bestod eksamen og fekk eit samla resultat noko høgare enn landsgjennomsnittet, VBU 3,7 mot landet 3,5.

Nasjonale prøver: VBU ligg som vanleg likt med landsgjennomsnittet eller rett over/under for aktuelle klasser, men resultat frå 5. klasse i lesing skil seg positivt ut med eit snitt langt over landsgjennomsnittet. Vi har over eit par år sett positive tendensar i resultat på lesing, men det er for tidleg å konkludere med at det har direkte samanheng med satsinga vi har hatt på kultur for lesing dei siste åra. Vi tek i alle fall med oss eit godt resultat og motiverer oss for meir satsing på lesing i åra som kjem.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025					
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud.	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Barnehage	0	992	0	4	-4	0,0 %
Grunnskule	34 673	39 031	39 031	38 942	90	0,2 %
Skulefritidstilbod	1 898	2 124	2 124	2 096	28	1,3 %
Skulelokale	441	265	265	90	174	65,9 %
Bibliotek	513	582	582	542	40	6,8 %
Sum	37 551	42 994	42 002	41 675	327	0,8 %

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	39 172	43 896	44 347	451	1,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 700	2 210	2 487	277	11,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	872	1 733	1 570	-163	-10,4 %
Overføringsutgifter	409	327	220	-107	-48,5 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	43 152	48 165	48 624	459	0,9 %
Salgsinntekter	-128	-144	-147	-3	1,7 %
Refusjoner	-5 474	-6 346	-6 475	-129	2,0 %
Sum Driftsinntekter	-5 602	-6 490	-6 622	-132	2,0 %
Netto resultat	37 551	41 675	42 002	327	0,8 %

Driftsutgifter


Årsmelding 2025

Beløp i heile kr.



Driftsinntekter

Beløp i heile kr.



Barnehager

Høre og Fredheim barnehagar

Barnehagane ser følgjande som viktig i si verksemd:

- God utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande læringsmiljø der leiken står i sentrum
- Arbeid for at alle barn trivst i barnehagen
- Utvikling av personalet gjennom vidareutdanning, kompetansetiltak og rettleiing av nyutdanna og nytilsette. Vidareføring av praksis med å invitere gode føredragshaldarar til Vang for å halde kurs for dei

tilsette, slik at fleire kan delta. Nytt kompetansen som allereie finst i kommunen til å kurse anna personale

- Ernæringsmessig god mat i barnehagen
- Vidareføring av arbeidet med Smart oppvekst
- Utviklingsarbeid innan inkludering
- Gjennomføring av foreldreundersøking i barnehagen og kartlegging av barnehagemiljøet
- Arbeid for ein god overgang mellom barnehage, skule og SFO
- Arbeid for eit godt samarbeid mellom barnehage og heim
- Nytting av nærmiljøet og lokalsamfunnet
- Oppretthalding av full barnehagedekning

Maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod vart i august 2025 700 kroner per månad.

Barnehagetilbodet er gratis frå og med det tredje barnet for familiar som har fleire barn i barnehage samstundes.

Inntektsgrensa for 20 timar gratis kjernetid vart 669 050 kroner frå 1. august 2025.

Målsetjinga om full barnehagedekning i Vang er oppfylt dei siste åra. Kommunen imøtekjem ønske om barnehageplass fortløpande, så langt dette kan gjerast utan auke i driftsutgiftene. Mottaket nyttar per i dag berre éin plass. Hovudopptaket skjer om våren etter kunngjering i lokalavisa.

Personalsituasjonen og satsingsområde i Høre barnehage

Per 1. januar 2026 er det 14 tilsette i Høre barnehage. Av desse er det 1 styrar, 6 pedagogar, 4 fagarbeidarar og 3 assistentar.

Smart oppvekst er ei satsing i Vang kommune. Høre barnehage held fram arbeidet med å skape robuste barn som toler både medgang og motgang.

Høre barnehage har dette året teke i bruk Matjungelen, eit gratis og kvalitetssikra aktivitetsprogram for barnehagar der barn kan leike og lære om mat som er bra for både kroppen og kloden.

Personalsituasjonen og satsingsområde i Fredheim barnehage

Per 1. januar 2026 er det 14 tilsette i Fredheim barnehage. Av desse er 1 styrar, 6 pedagogar, 3 fagarbeidarar og 4 assistentar.

Smart oppvekst er ei satsing i Vang kommune. Fredheim barnehage held fram arbeidet med å skape robuste barn som toler både medgang og motgang. I tillegg arbeider personalet med utviklingsarbeid knytt til barns utvikling frå 1–6.

Det er noko mindreforbruk på budsjettet løn i rekneskapen for 2025.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Årsmelding 2025


Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025					
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Barnehage	17 573	19 863	19 863	17 603	2 261	11,4 %
Styrka barnehagetilbod	0	-29	-29	0	-29	-100,0 %
Barnehagelokale/skyss	120	35	35	-2	37	104,4 %
Sum	17 693	20 355	19 870	17 601	2 269	11,4 %

Rekneskap

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	20 384	20 338	21 869	1 531	7,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 039	890	986	96	9,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	122	203	244	41	17,0 %
Overføringsutgifter	154	118	95	-23	-24,3 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	21 699	21 548	23 194	1 646	7,1 %
Salgsinntekter	-2 117	-1 177	-1 472	-295	20,0 %
Refusjoner	-1 865	-2 769	-1 852	917	-49,5 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-24	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-4 006	-3 947	-3 324	623	-18,7 %
Netto resultat	17 693	17 601	19 870	2 269	11,4 %


Driftsutgifter

Beløp i heile kr.



Driftsinntekter

Beløp i heile kr.



Status hovudmål

- Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.
- Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.
- Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

Kulturadministrasjon

Beskriving av etaten

Kultur

Vang kommune har i 2025 arbeidd målretta for å medverke til eit aktivt og mangfaldig kultur- og friluftsliv, med stor verdi for trivsel, helse, busetjing og lokal næringsutvikling. Gjennom samarbeid, tilrettelegging og økonomisk støtte har kommunen bidrege til kultur- og friluftaktivitetar som styrkjer identitet, tilhørslse og fellesskap i lokalsamfunnet.

Gjennom året har kommunen vore ein aktiv medspelar for lokale lag og foreiningar, og har støtta ei rekkje kulturarrangement og tiltak. Det har vore eit godt og konstruktivt samarbeid mellom kommunen, frivillige lag, kulturaktørar og næringsliv, som saman bidreg til eit variert og inkluderande kulturtilbod i Vang og Valdres.

Vang kommune har tildelt kulturmidlar i 2025 til lokale lag, foreiningar og organisasjonar for eit samla totalbeløp kr. 1 037 994,- kr. Kommunen set stor pris på det store engasjementet som finst i Vang og i Valdres, og det frivillige arbeidet som blir lagt ned kvart år.

Prioriterte satsingar i 2025

Vang kommune har i 2025 lagt særleg vekt på:

- Utbetring og vedlikehald av turstiar, både på Kongevegen og andre turstigar i kommunen
- Samarbeid med frivillige lag og foreiningar
- Tiltak for å gjere friluftsliv og kultur meir tilgjengeleg for barn og unge

- Vidareføring av UKM-satsinga gjennom heile året, med fokus på gode møteplassar for unge
- Ungdomsklubb og aktivitetar til ungdommen i Vang
- Kunstutstilling- Haustutstilling
- Kunstutstilling knytt til utvandrarjubileet
- Kulturelle skulesekken – har hatt 8 ulike arrangement for skuleklasser gjennom året

Gjennomføring og status

2025 har vore eit innhaldsrikt år, men også eit år med utfordringar for kultur- og friluftslivet i Vang kommune.

Kvamskleiva / Kongevegen

Målet om ferdigstilling av Kvamskleiva vart ikkje nådd. Vang kommune håpar å få ferdigstilt siste del i 2026.

Vang kommune har i 2025 hatt ansvar for Kongevegsnettverket for Lærdal og Vang kommune, der det har vore gjennomført to møte. Begge kommunane opplever dei same utfordringane, med fleire naturhendingar som fører til store øydeleggingar på Kongevegen, kombinert med manglande økonomiske midlar til nødvendig opprusting og vedlikehald. Dette er ei utfordring som krev vidare samarbeid og langsiktig planlegging.

Opdalstølen

Satsinga på no-fence geiter på Opdalstølen har gitt svært gode resultat. Geitene har bidrege til effektiv og naturleg nedbeiting og har også vorte ein populær turistattraksjon. Tiltaket har fått god respons og viser korleis kultur, landskapspleie og friluftsliv kan kombinerast på ein berekraftig måte.

Støtte til lag og foreiningar / spelemlidar

Vang kommune har i 2025 gjeve støtte til ei rekkje lag og foreiningar gjennom både kulturmidlar og spelemlidar. Fleire anlegg har vorte oppgraderte, mellom anna:

- Innandørs skytebane på VBU – nye elektroniske skiver
- Oppgradering av lys på fotballbana på Tveit – FK Vang
- Etablering og vidareutvikling av discgolfanlegg i Ryfoss – Høre/Ryfoss II.

Desse tiltaka bidreg til auka aktivitet, betre tilgjenge og styrkt folkehelse for innbyggjarane i kommunen.

Vang kulturskule

Hausten 2025 hadde kulturskulen 110 elevplassar fordelt på 63 elevar. Det er 3 elevar og 38 elevplassar fleir enn i fjor. Auken skuldast for det meste at vi har fått på plass eit særskild populært dansetilbod som også inkluderer Hallingdans.

To elevplassar nyttast av elevar over grunnskulealder og ein av elev frå barnehagen. Dei resterande plassane fordeler seg med 80 % på elevar frå 1.-5. klasse og 20 % på 6.-10. klasse.

Fordelinga syner at kulturskulen står sterkt blant dei yngste elevane. Samstundes viser tala eit tydeleg potensial for at kulturskulen kan ha større betydning for dei litt eldre elevane.

Det har elles vore tilbod innan folkemusikk, klassisk og rytmisk musikk, visuelle kunstfag, teater, musikk i barnehage, song for eldre på Vangsheimen. Kulturskulen har levert dirigenttenester til kor og korps og «Korps i skulen».

Skulekorpset var ved inngangen av året utan medlemmer. Men det vart på etterjulsvinteren sett ned eit nytt styre med tydelig motivasjon og høg kompetanse, og etter ei gjenoppliving i mai har det vore eksplosiv vekst i medlemstalet

Kulturskulen har starta arbeid med teknisk oppgraderinga av lys og lyd på Åsvang og i Vangshallen som kulturarena. På Åsvang er nytt høgtalaranlegg og nytt lysanlegg nesten ferdig innkjøpt, og montering er igangsett. I Vangshallen er det byrja undersøkingar av kva som skal til for at den skal bli ei eigna storstove for kulturaktivitet i Vang.

Økonomisk hamna kulturskulen i 2025 omtrent på budsjett.

Vang folkebibliotek

I bibliotektilbodet inngår m.a. utlån av fysisk og elektronisk materiale, tilby ein plass å vere, arrangere litterære og andre kulturelle aktivitetar, utlån av møtelokale og samarbeid med biblioteksektoren på ulike nivå. Biblioteklokala ligg på Vangstunet og er tilgjengeleg for publikum 30 timar i veka. Biblioteket er bemanna 22 av desse timane. Åtte timar i veka er det Vang frivilligsentral som held lokala ope.

Bok i butikk: I tillegg til det fysiske biblioteket kan fastbuande og tilreisande låne bøker ved Bok i butikk på Joker Filefjell og Joker Ryfoss. I kvar butikk står fem hyllemeter med bøker for alle aldrar, både skjønn- og faglitteratur. Lån frå Bok i butikk er tillitsbasert, "lån ei bok og sett ho tilbake når du er ferdig med ho".

Vang folkebibliotek har ei rekke mål og planar, mellom anna å formidle ulike kulturelle uttrykk med hovudvekt på litteratur og å vere ein sosial møteplass. Vang folkebibliotek skal yte service både til innbyggjarane i Vang kommune, til tilreisande og andre som kjem innom.

Arrangement: I 2025 hadde biblioteket til saman over 120 arrangement, mellom anna:

- Politikarprat måndagen før kommunestyremøta, ein uformell møteplass for vangsgjeldingar og kommunepolitikarane.
- Festivalbiblioteket «Aasmunds lese krok» på Vinjerock, godt besøkt av festivalfolket. Også i år fekk biblioteket oppmerksomd med eventyrstund for vaksne (høgtlesing av erotiske folkeeventyr) som trakk ca 250 personar inn i storteltet.
- Besøk av og hjå barnehagane og VBU, med hovudinnsats på den tre veker lange litteraturfestivalen

Totalt 2800 personar har delteke på arrangementa og aktivitetane i 2025, arrangert av biblioteket åleine eller i samarbeid med frivilligsentralen og andre. Gjennom året har Vang Frivilligsentral og Vang folkebibliotek hatt meir eller mindre faste aktivitetar, som digi-kafé, språkkafe, lesesirkel og kviss.

Prosjekt: Av større prosjekt i 2025 er avslutninga av Leseglede ved VBU det vi brukte tid på. Det vart sett fokus på hyggelesing på nesten overraskande plassar. Det var utelesing i friminutt og innelesing nede på ungdomsklubben. I tillegg var det ein stor jobb med å sjå konkret kvar biblioteket kan bidra i andre fag enn norsk.

Bibliotekstatistikk: Samanlikna med 2024 har vi hatt ei god auke i besøkstalet frå 11700 til 12800 i 2025. Talet på aktive lånarar og utlån har vore ganske stabilt på hv 530 lånarar og 560 førstegangslån

Det har samla sett ikkje vore store avvik mellom budsjett og rekneskap.

Årsmelding 2025

Beløp i 1000

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025					
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud.	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Barnehage	0	2	2	0	2	100,0 %
Grunnskule	7	5	5	4	1	26,0 %
Aktivitetstilbud barn/unge	269	310	310	278	32	10,3 %
Naturforvaltning/friluftsliv	432	1 005	1 005	308	696	69,3 %
Kulturminneforvaltning	100	50	50	27	24	46,9 %
Bibliotek	1 857	2 522	2 522	2 268	254	10,1 %
Kino	26	30	30	35	-5	-17,6 %
Museum/samlingar/kulturvern	105	110	110	109	1	0,5 %
Kunstformidling	97	57	57	73	-16	-28,1 %
Idrett	228	527	527	418	108	20,6 %
Kulturskule	1 574	1 712	1 712	1 729	-17	-1,0 %
Andre kulturaktivitetar	1 086	1 160	1 160	1 104	56	4,8 %
Kulturbygg	26	200	200	131	69	34,5 %
Sum	6 147	7 690	7 690	6 485	1 205	15,7 %


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	4 153	4 669	4 490	-178	-4,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 922	1 333	1 968	636	32,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	511	495	702	207	29,4 %
Overføringsutgifter	1 709	1 349	1 378	29	2,1 %
Finansutgifter	0	42	0	-42	0,0 %
Sum Driftsutgifter	8 296	7 888	8 539	650	7,6 %
Salgsinntekter	-279	-357	-351	6	-1,8 %
Refusjoner	-1 706	-983	-469	514	-109,6 %
Overføringsinntekter	-80	-29	-29	0	-1,5 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-84	-33	0	33	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 149	-1 403	-849	554	-65,3 %
Netto resultat	6 147	6 485	7 690	1 205	15,7 %


Driftsutgifter

Beløp i heile kr.



Driftsinntekter

Beløp i heile kr.



- Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.
- Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.
- Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

Vaksenopplæring

Aktivitetar og gjennomførte planlagte tiltak i 2025

Vang læringssenter

Mål :

- **Individuell tilrettelegging** for deltakarar.
- **Fulltidsprogram** med hovudfokus på norskopplæring og arbeids-/utdanningsretting.
- **Rask overgang til arbeid eller utdanning** og økonomisk sjølvstende for dei busette.
- **God trivsel og integrering** i Vang.
- Oppnå krav til kompetansenivå i norsk som andrespråk.

Vang kommune vedtok i 2025 å busette 20 flyktningar. Etterkvart justerte IMDI talet til 15, for deretter å be kommunane busette på opphavleg vedtak likevel.

Gjennomførte tiltak i 2025

Busetting

I 2025 busette Vang kommune 14 personar, som var ein person mindre enn oppmodinga frå IMDI. I 2025 var det fleire av dei busette frå året før (ca. 10 personar) som valde å flytte frå kommunen på grunn av arbeid, utdanning eller retur til heimlandet. Ordninga med lån til kjøp av bil og tilskot til førarkort, har vore ei viktig ordning for å kunne busette flyktningar i heile kommunen og for å auke målet om arbeid. Ein stor del av dei busette har fått innvilga forlenging av introduksjonsprogram for å styrke språket, og auke moglegheita for arbeid.

Totalt har Vang kommune oppfølgingsansvar for 64 flyktningar innan femårsperioden, der nykomne flyktningar og dei utan arbeid får tettast oppfølging. Tilbod om rettleiing til dei som ikkje går på introduksjonsprogrammet blir gitt til alle etter individuelle behov. Kommunen mottek integreringstilskott frå IMDI som skal dekkje oppfølginga i fem år.

Oppfølging 64 flyktningar, per 31.12.25

Barn	Arbeid deltid	Arbeid fulltid (ikkje berre fast)	Over 60	Introduksjonsprogram eller norsk (i påvente av oppstart)	Andre tiltak
16	8	20	6	10	5

Bustad:

Det er oppretta ein bustadtildelingsgruppe i kommunen som samarbeider rundt behovet for bustadar. Den inkluderer teknisk etat, helse- og omsorg, flyktningteneste og HR. Der ser vi på totalbehovet for dei som kjem innunder bustadsosial lov, nytilsette i kommunen og busettingar knytt til flyktningar.

Vertskommuneansvar og sal av tenester

Vang læringscenter hadde også i 2025 ansvar for å tilby norsk og samfunnskunnskap for personar frå Vang mottakssenter, som har plikt til dette. Kommunen mottek norsktilskott for desse. Vidare vart det selt tenester til Vestre Slidre kommune, der 15 personar har fått opplæring i norsk og andre tiltak som ein del av introduksjonsprogrammet.

Samarbeid

Vang læringssenter samarbeider tett med delar av næringslivet i Vang og avdelingar i Vang kommune som har behov for arbeidskraft. Det er også tett samarbeid med andre etatar i form av faste møte, eller erfaringsdeling og vurderingar rundt busetting av flyktningar. Læringssenteret har også jamleg møter og utveksling av erfaring på fylkesnivå. Det er i tillegg gjennomført fleire opplegg for deltakarane, som ferskingkurs og fjellturar med Valdres Friluftsråd.

Sysselsatte Vang læringssenter 2025:

Omtrent 4 årsverk lærer (inkl. spes. ped.), leiar 80 %, flyktningkonsulent 100 %, programrettleiar 100 %, assistent spes.ped. 37 %. Det vart tilsett ein programrettleiar i 2025. Denne ressursen er nødvendig for å sikre god og tett oppfølging i introduksjonsprogrammet, rettleiing arbeid, og noko temabasert undervisning som t.d livsmeistring.

Med både sal av tenester til Vestre Slidre kommune, elevar frå Vang mottakssenter og busette flyktningar har omfanget av undervisninga auka og det er oppretta fleire klassar. Romkapasiteten er i periodar ein utfordring, men har foreløpig vorte løyst med gode timeplanar.

Vaksenopplæring etter opplæringslova

Spes.ped I august 2024 tredde den nye opplæringslova i kraft, noko som også påverkar tenestene ved Vang læringssenter. I løpet av skuleåret 2025/2026 har og vil vaksenopplæringa gjennomføre fleire endringar grunna ny lov. Det er individuelle planar for kvar elev, og det er eit tett samarbeid med Lund arbeidsbase, bustad og verjer.

Grunnskule for vaksne

I løpet av 2025 gjennomførte to elevar ved Vang læringssenter grunnskule for vaksne etter "gamal" lov.

Økonomisk resultat

Innan ansvar 201 (Vang læringssenter) er samla økonomisk resultat ei netto inntekt på ca 2620000 meir enn budsjettert. Dei største avvika frå budsjett ligg i ca kr 1.180.000 mindre utgifter til introduksjonsstønad og ca. 480000 meir inntekt knytt til sal av språkopplæring/introduksjonsprogram til Vestre Slidre kommune. For dei største budsjetterte inntektene på ca. 17 000 000 knytt til integreringstilskott og refusjonar for språkopplæring viser rekneskapen eit positivt avvik på kr 95.000.

Status økonomi per teneste


Beløp i 1000

Årsmelding 2025

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025					
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Vaksenopplæring	1 584	2 791	2 791	1 370	1 420	50,9 %
Skulelokale	27	3	3	0	3	100,0 %
Skuleskyss	131	32	32	68	-36	-113,3 %
Aktivitetstilbod barn/unge	0	0	0	10	-10	0,0 %
Bustader	-290	0	0	-334	334	0,0 %
Introduksjonsordninga	5 532	6 305	6 305	5 092	1 213	19,2 %
Statstilskot flyktningar mv.	-12 883	-15 000	-15 000	-14 901	-99	-0,7 %
Sum	-5 900	-5 870	-5 870	-8 694	2 824	48,1 %


Driftsutgifter

Beløp i heile kr.



Driftsinntekter

Beløp i heile kr.



Status hovudmål

- Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.
- Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.
- Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen skal stimulere til frivillig innsats, skape opne møteplassar for befolkninga, og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

Rammer og ressursar i 2025

- 130-158 % stilling fordelt på dagleg leiar, frivilligkoordinator og medarbeidar i BUA.
- Ca 1808 timar med frivillig innsats.
- Åse Marie Lien Petersen har vore styreleiar i 2025. Årsmøte vart halde 11. mars.
- I 2025 fekk frivilligsentralen 479 612,- i statstilskot.

Store satsingar i 2025

- Etablering av bulystteamet, som skal jobbe for at fleire flytter til Vang, at dei unge som veks opp her ønskjer å flytte tilbake, og at dei som allereie bur her har det bra. Teamet har gjennomført idémyldringskveld, overtatt og renovert vangivaldres.no og SoMe-plattformane frå Innovangsjon, og kartlagt eksisterande tiltak og nye behov.
- Saman med gode samarbeidspartnarar: 22 enkeltarrangement (m.a. fått tilbake grendecupen og fleire nærturar) pluss faste aktivitetar (m.a. nytt sjakktreff). Til saman ca 3180 deltakarar.
- Arbeidsgruppa 'Levande lokalsamfunn' har arrangert Møteplassen, kurs i demensvennleg samfunn, nettvettkurs, starta Sterk og stødig med stor deltaking, samt jobba mykje med formidling på infoskjermene og å etablere eit nytt Seniortreff på Vangsheimen.
- Styrka dei frivillige laga gjennom tett oppfølging av foreningsportalen og anna synleggjering av tilbod.
- Leia ein komité som vurderte dei ulike kandidatane til Positivprisen.
- Koordinert TV-aksjon med stor døropnarkampanje, temakveld og bøsseaksjon.
- Utlånt i BUA i 2024: 874 artiklar, fordelt på 307 lån og 117 unike brukarar.
- I samarbeid med biblioteket har vi oppgradert vestibyla, gjennomført 'En bra dag på jobben' og hatt førstehjelpskurs.
- Det har vore jobba med å etablere felles foreiningsportal for Valdres. Arbeidet er ikkje ferdigstilt.
- Det vart søkt eksterne midlar til å flytte BUA for å få universelt utforma lokale og fleire samarbeidsaktørar involvert, men søknaden vart avslått og prosjektet lagt på is.

Utfyllande årsmelding er publisert på vang.frivilligsentral.no

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	953	1 119	1 336	217	16,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	281	232	259	26	10,2 %
Overføringsutgifter	47	39	18	-21	-115,7 %

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sum Driftsutgifter	1 282	1 390	1 612	222	13,8 %
Salgsinntekter	-6	0	0	0	0,0 %
Refusjoner	-62	-39	-15	24	-158,9 %
Overføringsinntekter	-498	-480	-479	1	-0,1 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-186	0	186	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-566	-704	-494	210	-42,5 %
Netto resultat	716	686	1 118	432	38,6 %

6.3. Helse og Omsorg

Helse- og omsorgsetaten i Vang omfattar

- Helseavdelinga
- Vang legekantor
- Tilrettelagte tenester
- Vangsheimen og heimebaserte tenester
- Rådgjevar helse- og omsorg
- Folkehelsekoordinator
- Kommuneoverlege
- Interkommunale samarbeid:
 - NAV Valdres
 - Vang og Vestre-Slidre Barnevernteneste
 - Øvre Valdres kommunepsykolog
 - Helsesjukepleiar ved Valdres vidaregåande skule
 - Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) <http://www.vlms.no/>
 - Kreftkoordinator for Valdres
 - Valdres interkommunale legevakt
 - Intermediæravdeling
 - Kommunale akutte døgnplasser (KAD)
 - Kommunejordmorteneste
 - Hallingdal familie- og krisesenter og barnevernvakt
 - Miljøretta helsevern Hallingdal <https://mhvh.no/>

Kommunalsjef Helse- og omsorg er øvste leiar av etaten.

Overordna mål

Vang kommune skal utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi, nye faglege metodar.

Kommunen skal tilby naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer, differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.

Innbyggjarane skal kunne ha ein aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plagar. Me skal jobbe for auka brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.

God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver

Vang kommune skal ta omsyn til fokehelseperspektivet i planlegging, utbygging og drift. Kommunen skal samarbeide med frivillige organisasjonar der det er aktuelt, for å bidra til gode sosiale og miljømessige tilhøve. Innbyggjarane skal vere medvitne om ansvaret sitt for å ta vare på eiga helse.

Utvalde resultat

Helse- og omsorgsetaten hadde eit netto mindreforbruk på 293 973,- mot eit meirforbruk på 5,6 millionar i 2024.

Helseavdelinga, legekantoret, Vangsheimen og heimetenestene har alle eit lite mindreforbruk.

Framleis meirforbruk på overtid, men dette er mindre enn i 2024.

Stort fokus på nærværarbeid - lågt sjukefråvær - langtidsavdelingane på Vangsheimen hadde eit historisk lågt fråvær på 3,5% i 2025. Tilsette og leiarar på Vangsheimen skal ha all ære for solid arbeid!

Ordinært dagsenter på Vangsheimen vart avslutta frå august 2025. Dette medførte eit mindreforbruk på kr. 200'

Tilrettelagde tenester har eit meirforbruk på 1,4 mill. som i hovudsak skuldast overtid og tenestekjøp frå annan kommune.

Når det gjeld Vang kommune sin andel av interkommunale tenester innan helse- og omsorg vart utgiftene på 19,6 mill med meirutgifter på omlag kr. 800'

Desse fordeler seg slik :

- Barnevern : samla utgifter på 9,3 mill meirutgift på kr. 1 mill.
- NAV-tenester : samla utgifter 4,1 mill mindreutgift på kr. 367'
- VLMS, krisesenter, kommunepsykolog, helsesjukepleiar vgs : samla utgifter kr. 6,2 mill meirutgifter på kr 93'

Viktige hendingar

Satsingsområde 2025

Førebygging og tidleg innsats for familiar, barn og ungdom:

- Vidareføring av 100% stilling for helsesjukepleiar ved VBU. Helsesjukepleiar og frisklivsrettleiar deltek på ungdomsklubb og ulike aktivitetar for ungdom med føremål å vera tilgjengelege på ungdomen sine arenaer.
- Førebyggjande plan - er under arbeid.
 - Parallelt med planarbeidet blir det jobba for å få til god samhandling og samarbeid mellom HO og UK etaten.
- Funksjonen barnekoordinator er ivareteken og organisert under Koordinatorande eining.
[Koordinatorande eining - Vang kommune](#)
- Bustadsosial lov. Kommunen fatter vedtak om bustadrettleiing og har teke i bruk felles rutinar om samarbeid med NAV, og bruk av husbanken sine startlånsmidlar.

Yte og utvikle gode og berekraftige helse- og omsorgstenester:

- Bu trygt heime
 - Levande lokalsamfunn har gjennomført:
 - møteplassar for eldre med diverse tema
 - bustadrettleiingsbesøk
 - skjermar på butikkar,kommunehus og legekantor, der det blir kommunisert ut nyheiter, aktiviter og viktige beskjedar til innbyggjarar.
 - Sterk og stødig grupper med sertifiserte frivillige instruktørar.
 - Gjennomført folketråkk
 - Bruk av velferdsteknologiske løysingar
 - Digital heime-oppfølgning - deltek i eit stort prosjekt i Innlandet.
 - Teke i bruk nytt pasientsignalanlegg på sjukeheimen med tilsynsteknologi. Har redusert behovet for nattevakter.
 - Teke i bruk nye tryggleiksalarmar
- Planlegge bygging av omsorgsbustader
 - Gjennomført behovskartlegging og oppstartsmøte med Husbanken (april 24)
 - Arbeid med moglegheitstudie for utbygging kom så smått igang hausten 2025.

Vera ein attraktiv arbeidsgjevar som sikrar godt arbeidsmiljø, rett kompetanse, konkurransedyktig løn:

- Stipendordning for personar som vil ta sjuke- eller vernepleiarutdanning og binde seg til Vang kommune etter endt utdanning.
- Vidareført ordningar med støtte til utdanning for tilsette.
- Tilsett 2 nye lærlingar helsefagarbeidar og 3 personar i utdanningsstillinger fagbrev på jobb (helsefagarbeidar)
- HMS- grupper er sett igang på dei store avdelingane for tett samarbeid med leiing, tillitsvalde, verneombod og tilsette.

Internkontroll

- Internkontroll blir følgt opp på avdelingsnivå (i avdelings- og personalmøter) på etatsnivå (i leiarmøter) og gjennom rapport til kommunedirektøren 2 ggr./år.
- HMS årsrapport levert frå alle avdelingar
- Spesielle utfordringar (avvik, arbeidsmiljøutfordringar, spesielle hendingar) blir følgt opp med aktuelle tilsette og leiarar. Kommunalsjef følgjer desse prosessane. Det blir meldt avvik i alle avdelingar.
- Vernerunder, medarbeidersamtaler og sjukefråvær er følgt opp i alle avdelingar. Ikkje alle takkar ja til medarbeidersamtaler.
- Tilsyn:

- Arbeidstilsynet har hatt tilsyn på Bakkehaugen og Grindatun. Både avdelingene fikk avvik, som er jobba godt med, og lukka.
- Landsomfattande tilsyn på folkehelseområdet. Kommunen har gjennomført eigenrevisjon.
- Brukarmedverknad blir ivareteke gjennom Brukar-/pårørandesamtaler, ansvarsgruppe- og samarbeidsmøter
- Status sjukefråvær (kjelde HRM eigenmeldt og legemeldt)

Avdeling	Antal tilsette	2025	2024
Legekontoret og etatseleinga	11 (13)	0,7%	1,1%
VHT	79 (83)	5,2%	8,5%
Helseavdelinga	12 (12)	5,2%	6,5%
Tilrettelagte tenester	46 (48)	9,3%	6,5%

Revisjon av helseberedskapsplanverket

- Utarbeidd helseROS
- Plan for helse- og sosialberedskap - her er det laga ein overordna plan med eigne beredskapsplanar for avdelingane
- Smittevernplan - endra og forenkla.

Helseberedskapsplanverket er del av tilsyn med kommunal beredskapsplikt som vart gjennomført 1. halvår 2025. Etaten har jobba med oppfølging av tilsynet i 2025.

Folkehelse

Folkehelsekoordinator 50% stilling, organisert under etat helse- og omsorg.

Folkehelsekoordinator arbeider systematisk i planarbeid og prosjekt i kommunen, og leier det tverretatlege folkehelseteamet.

Gjennomførte aktiviteter og oppgåver:

Folkehelsekoordinator har i 2025 leia arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel (KPS).

Folkehelsekoordinator har også hatt hovudansvar for oppfølging av den politiske arbeidsgruppa som ble satt for KPS - "*politisk komité*".

Fast deltaking i *Folkehelseforum Valdres*. Forumet er for folkehelseansvarlege i alle Valdres kommunane og meint for erfaringsdeling og interkommunalt samarbeid. Møter ca. 4 ganger i året, både fysisk og over Teams.

Medlem i *Førebyggjande team (tidl. rusgruppa)* i Vang kommune. Medlem her er instansar som jobbar med barn og unge for å følge opp ungdomsmiljøet i Vang.

Gjennomført to rundar med FA-konkurranse, vinter/våren og hausten 2025.

Folkehelsekoordinator sitter som representant frå administrasjonen i styret for Frivilligsentralen i Vang. Styremøter ca. 4 gonger i året.

Møter med idrettsrådet i Vang for å diskutere etterskule-aktivitet for barn og unge (fylle mellomrommet/egen løysning for Vang).

- har delteke på den årlege Folkehelsekonferansen, folkehelseforum for Innlandet, fagkonferanse for NFS, Brobyggerkurs med arbeidsgruppa "Levande lokalsamfunn", fagkonferanse for anleggsutvikling og idrettskretsen med Innlandet fylkeskommune.

Prosjektarbeid:

- Levande lokalsamfunn
- Inkluderande frivillighet, fritidskassa
- Kommuneplanens samfunnsdel (KPS)
- Futurizing Vang; lærlingprosjekt

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert Rekneskap budsjett 2025		Avvik i kr	Avvik i %
			Rev. bud.	Rekneskap 2025		
Politisk styring	0	280	280	0	280	100,0 %
Administrasjon	2 690	2 562	2 562	2 551	10	0,4 %
Helsestasjon/skulehelseteneste	3 380	4 905	4 905	4 052	853	17,4 %
Anna førebyggjande helsearbeid	2 134	1 372	1 372	1 506	-134	-9,8 %
Aktivering/servicetenester	3 021	3 193	3 193	2 771	422	13,2 %
eldre/funksjonshemma						
Diagnose/behandling/re-/habilitering	11 170	13 202	13 202	12 996	206	1,6 %
Råd/retteleing/sosialt førebyggjande arbeid	1 894	2 380	2 380	2 358	22	0,9 %
Tilbod til personar med rusproblem	47	200	200	53	147	73,4 %
Barnevernteneste	3 494	2 910	2 910	4 019	-1 109	-38,1 %
Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet	2 533	760	760	1 063	-303	-39,9 %
Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet	2 405	4 600	4 600	4 230	370	8,0 %
Helse- og omsorgstenester i institusjon	34 187	34 006	34 006	34 753	-746	-2,2 %
(utgår 2024) Helse- og omsorgstenester til heimebuande	470	4 402	4 402	0	4 402	100,0 %
Heimetenester bufellesskap/omsorgsboliger	15 206	15 473	14 373	15 460	-1 087	-7,6 %
Heimetenester heimebuande/ambulerande	21 657	19 296	19 296	23 446	-4 149	-21,5 %
Institusjonslokale	769	105	105	409	-305	-291,1 %
Arbeidsretta tiltak	603	755	755	721	34	4,5 %
Kvalifiseringsordninga	0	501	501	518	-17	-3,4 %
Økonomisk sosialhjelp	2 335	2 000	2 000	1 458	542	27,1 %
Renter/utbyte/lån	-880	0	0	-851	851	0,0 %
Sum	107 204	112 903	111 803	111 513	289	0,3 %

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Gruppeansvar	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
30-Kommunalsjef Helse og Omsorg	2 861	2 564	2 544	20	0,8 %
31-Helseavdeling	13 696	16 092	15 233	859	5,3 %
32-Vang legekantor	5 002	6 062	5 676	386	6,4 %

Årsmelding 2025

Gruppeansvar

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
33-NAV og barnevern	12 413	12 748	13 424	-676	-5,3 %
36-Vangsheimen og heimetenesta	46 991	49 790	48 723	1 067	2,1 %
39-Tilrettelagte tenester	26 242	24 546	25 913	-1 367	-5,6 %
Sum	107 204	111 803	111 513	289	0,3 %

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	89 494	94 929	96 798	1 868	1,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	11 854	11 235	8 998	-2 237	-24,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	31 316	26 932	24 772	-2 160	-8,7 %
Overføringsutgifter	2 015	1 955	1 263	-692	-54,8 %
Finansutgifter	19	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	134 697	135 051	131 831	-3 221	-2,4 %
Salgsinntekter	-5 393	-5 596	-4 968	628	-12,6 %
Refusjoner	-20 746	-16 967	-15 050	1 917	-12,7 %
Overføringsinntekter	-880	-851	0	851	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-474	-125	-10	115	-1146,7 %
Sum Driftsinntekter	-27 493	-23 538	-20 028	3 510	-17,5 %
Netto resultat	107 204	111 513	111 803	289	0,3 %

Totaloversikt drift - fordelt på kontogruppar


Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Lønn	89 494	96 798	96 798	94 929
Refusjon lønn	-3 886	-1 872	-1 872	-2 296
Sum Lønn	85 607	94 926	94 926	92 633
Drift	11 854	8 998	8 998	11 235
Kjøp av produksjon	31 316	24 772	24 772	26 932
Overføringer	2 015	1 263	1 263	1 955
Finansutgifter	19	0	0	0
Sum Utgifter	45 204	35 033	35 033	40 122
Brukerbetaling	-5 393	-4 968	-4 968	-5 596
Refusjoner	-16 860	-12 078	-13 178	-14 671
Overføringer	-880	0	0	-851
Finansinntekter	-474	-10	-10	-125
Sum Inntekter	-23 607	-17 056	-18 156	-21 242
Netto resultat	107 204	112 903	111 803	111 513

Driftsutgifter


Årsmelding 2025

Beløp i heile kr.



Driftsinntekter

Beløp i heile kr.



Status hovudmål

- Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslande behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen.
- Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.
- Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.

- Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2024	Vang 2025	Etneidal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe in 06
Befolkning								
Prioritet								
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)	41,3 %	43,0 %	48,4 %	66,3 %	48,5 %	35,3 %	37,4 %	39,0 %
Helse- og omsorg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	58 696	57 574	33 409	44 139	37 815	43 414	48 001	47 736
Helse- og omsorg korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	64 757	66 574	43 235	50 047	52 348	47 745	52 353	57 646
Helse- og omsorg Lønn ekskl. sykelønn Beløp pr innb (kr) *)	53 135	55 079	38 510	43 469	46 677	36 677	44 880	48 794
Helse- og omsorg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	65 400	62 719	45 751	46 491	47 892	46 133	47 083	52 241
Helse- og omsorgstjenester i institusjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	24 137	23 110	17 490	27 714	14 671	14 144	13 834	18 767
Helse- og omsorgstjenester i institusjon korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	22 504	21 864	17 402	25 623	14 668	13 275	12 965	18 029
Helse- og omsorgstjenester i institusjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)	16 712	15 952	8 745	18 099	8 216	9 330	9 846	11 753
Institusjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	5 741	6 648	1 798	4 155	3 192	4 374	3 672	2 968
Institusjonslokaler korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	5 465	6 341	1 648	3 826	2 886	4 115	3 354	2 936
Institusjonslokaler lønn ekskl. sykelønn andel av totale utgifter (prosent)	1,4 %	1,5 %	0,0 %	0,4 %	0,9 %	1,2 %	0,7 %	1,0 %
Institusjonslokaler Lønn ekskl. sykelønn Beløp pr innb (kr) *)	1 744	1 908	19	398	785	1 000	692	958
Institusjonslokaler nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	3,9 %	4,5 %	0,8 %	3,3 %	2,1 %	3,7 %	2,1 %	2,6 %
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	326 137	346 185	571 182	258 885	443 364	348 951	449 375	338 236
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	33 025	28 537	23 796	21 120	20 490	29 820	23 629	25 515
Produktivitet								
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	12,1	21,3	18,6	17,6	10,6	14,5	11,2	15,2
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak *)	191 552	197 333	294 818	293 192	228 273	225 902	293 357	212 479
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 486 898	1 807 308	1 379 409	3 224 600	1 017 776	1 616 806	1 541 618	1 707 032
Dekningsgrad								
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	6,9 %	5,8 %	2,6 %	2,1 %	2,8 %	4,8 %	2,5 %	3,9 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	6,2 %	9,7 %	6,2 %	4,0 %	4,1 %	4,8 %	4,5 %	5,5 %
Kvalitet								
Gjennomsnittlig listelengde	506,0	508,0	459,0	400,0	641,0	889,0	712,0	567,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	12,7	10,7	6,2	7,5	8,7	8,6	8,7	7,4

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		
	Opphavelig budsjett	Rev. Rekneskap bud.	
IHT Velferdsteknologi	500	500	92
Medisinsk utstyr - legekontoret	0	0	172
Teknisk utstyr HO	300	300	158
Vangsheimen Vaskemaskinar	0	0	233
Sum	800	800	655

Kommunalsjef Helse og Omsorg

Området kommunalsjef helse- og omsorg omfattar etatsleiing og rådgjevar HO-etaten.

Nokre utviklingsprosjekt er og rekneskapsført på dette området.

Kommunalsjef for helse- og omsorg har det overordna ansvaret for etaten: Økonomi, personal, informasjon og utvikling.

Kommunalsjefen er medlem i kommunedirektøren si leiargruppe og kommunen si kriseleiing.

Interkommunal samhandling:

- Medlem i Helse- og omsorgsleiarforum Valdres, møte *1/ måned. HO forum har m.a. ansvar for oppfølging av dei interkommunale tenestene ved Valdres lokalmedisinske senter og regionalt utviklingsarbeid på fagområdet.
 - Utviklingsarbeidet av Valdres interkommunale legevakt
 - Oppfølging FACT- Valdres
 - Prosjekt digital heimeoppfølging (DHO)
 - EPJ-løftet Innlandet
- Leiar for helseregion Valdres, representerer regionen i Helsefelleskapet i Innlandet. Regionleiar møter 1 gg/md, SSU 4 gg/år, Dialogmøte 1 gg/år. Helsefelleskapet har ansvar for oppfølging av samarbeidsavtala mellom Sjukehuset Innlandet og kommunane i Innlandet. Utvikling av felles helsetenester og tilrettelegging for gode tenester og pasientflyt mellom sjukehusa og kommunane.
- Styremedlem VLMS-E
- Faste møter Vang og Vestre-Slidre barnevernteneste, kommunepsykolog Øvre Valdres

Rådgjevar HO

- Følgjer opp / har ansvar for mange små og store oppgåver i etaten, ma:
- Leiar for prosjekt Levande lokalsamfunn
- Medlem og sekretær i prosjekt bustadutvikling (tverretatleg prosjekt)
- Deltak i regional kompetansegruppe helse- og omsorgspersonell
- Sakshandsamar for saker etter Lov om kommunens ansvar på det bustadsosiale feltet
- Arbeidsgruppe Førebyggjande plan
- Folkehelseteamet
- Ansvar for KOSTRA-rapportering, prosjekt og utviklingsarbeid

Folkehelsekoordinator

- Er involvert i ulike planprosessar i kommunen
- Leiar av tverretatleg folkehelsesteam
- Er medlem i prosjektgruppa Levande lokalsamfunn
- Sett i gang FA-konkurransen to gonger i året
- Rapporterer på ulike tilskottsmidler

Viktige hendingar

Kommunalsjef helse- og omsorg har det overordna ansvaret for etaten, og direkte leiaransvar for :

- Leiar Vang legekantor
- Leiar tilrettelagde tenester
- Leiar helseavdelinga
- Verksemdsleiar Vangsheimen og heimetenestane
- Rådgjevar HO etaten
- Folkehelsekoordinator.

Gjennomfører møter med leiarane i etaten månadleg.

Deltek i enkelte tilsetjingssaker og oppfølging av personal.

Deltek i prosjekt- og utviklingsarbeid i etaten.

Beredskap: Deltek i kommunal kriseleiing. Stedfortreder for kommunedirektør, og som leiar i kriseleiinga.

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	2 849	2 932	2 655	-278	-10,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	257	87	239	152	63,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	90	0	20	20	100,0 %
Overføringsutgifter	43	5	7	2	29,4 %
Sum Driftsutgifter	3 238	3 024	2 921	-103	-3,5 %
Salgsinntekter	-4	0	0	0	0,0 %
Refusjoner	-373	-480	-357	123	-34,4 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-377	-480	-357	123	-34,5 %
Netto resultat	2 861	2 544	2 564	20	0,8 %

Status hovudmål

- Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslende behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen.
- Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.
- Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.

- Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

Helseavdeling

Helseavdelinga omfattar ei rekke viktige tenesteområde som saman arbeider for å fremje god helse, førebygging og livskvalitet i kommunen. Avdelinga består av:

- **Helsestasjon og skulehelseteneste** – Tilbod til barn, ungdom og familiar med vekt på førebygging, tryggleik og helsefremjande oppfølging.
- **Frisklivssentral** – Lågterskeltilbod for innbyggjarar som ønskjer støtte til endring av levevanar, som fysisk aktivitet, kosthald og meistring av helseutfordringar.
- **Psykisk helseteneste** – Rettleiing, samtalar og oppfølging for personar med psykiske helseutfordringar, i tillegg til førebyggjande arbeid og tidleg innsats.
- **Fysioterapi** – Undersøking, behandling, trening og rehabilitering for barn og vaksne med skadar, sjukdom eller funksjonsnedsettingar.
- **Ergoterapi** – Hjelp til å meistre kvardagen gjennom tilrettelegging, trening og bruk av hjelpemiddel.
- **Sjukepleiar innan migrasjonshelse** – Oppfølging, rådgiving og helseinformasjon retta mot personar med migrantbakgrunn, med fokus på helsefremjing og god integrering.

I tillegg til desse tenestene omfattar helseavdelinga også:

- **Kommunepsykolog i interkommunalt samarbeid**
- **To driftsavtale-fysioterapeutar**, som er ein del av det samla personalet

Leiar av helseavdelinga har ei 100 % stilling som, i tillegg til administrative oppgåver, omfattar koordinatoransvar for ansvarsgrupper samt praktisk arbeid ved helsestasjon og skulehelsetenesta.

Drift og utvikling i helseavdelinga

Compilo blir nytta som system for internkontroll, og medarbeidersamtalar er gjennomførte for alle tilsette. Det samla sjukefråværet i helseavdelinga var 5,2 % i 2025.

Alle tenestene i helseavdelinga er no samlokaliserte i Vangstunet, noko som bidreg til betre samarbeid og meir samanhengande tenester for innbyggjarane.

Helsestasjon og skulehelsetenesta

Generelt:

- Det vart fødd 14 barn i Vang i 2025. Kullet tel no totalt 17 barn, og har på det største vore 19. Alle borna har fått tilbod ved helsestasjonen og gjennomførte helsekontrollar i tråd med Helsedirektoratet sin rettleiar og gjeldande retningslinjer.
- Legerressurs på helsestasjonen er om lag 10 %.
- Fysioterapeut er fast til stades på 4-månaders konsultasjonar og ved behov.

- Barseltreff blir arrangert annakvar måndag og er lokalisert i Drengjestøga. Treffet er i hovudsak brukarstyrt, men med innslag frå helsestasjonen. Helsestasjonen leiger også bassenget ved VBU for barseltreffet slik at ein kan tilby babysymjing.
- Det er arrangert foreldreveiledningskurs TIK og TINT, samt foreldrekurs i regi av Læringssenteret.
- Det er mange elevar på mellomtrinnet og ungdomstrinnet som går jamleg til samtale hjå skulehelsesjukepleiar. I tillegg omfattar arbeidsoppgåvene dei pålagde årskontrollane, vaksinerings, undervisning og «drop-in»-samtalar.
- Kurs og utdanning: Tilsette har delteke på VIVAT-kurs (sjølvmodsførebygging), og ein tilsett har teke vidareutdanning i tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge. To tilsette er i kvalifisering til TIBIR (rådgiving for foreldre). Leiande helsesykepleiar har tatt årsstudium i helserett.
- Koordinatorarbeid: Det bur fleire barnefamiljar i kommunen som har eitt eller fleire barn med spesielle behov eller diagnoser som krev samhandling frå fleire tenesteytarar. Desse familiane kan søkje koordinator eller barnekoordinator – sjå meir under barnekoordinator. Helsestasjon- og skulehelsetenesta har fleire koordineringsoppgåver og deltek i ansvarsgruppemøte.
- Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem: CGM Helsestasjon.

Ressursar:

- I 2025 var det vikar i tenesta frå januar til august. På grunn av dette vart oppgåvefordelinga i tenesta endra, noko som gav gode erfaringar. For å gjere tenesta mindre sårbar, og for å sikre at dei tilsette kjenner til kvarandre sine oppgåver og kan vikariera ved behov, har ein valt å vidareføre denne delte oppgåvefordelinga.
 - 70 % helsesjukepleiar (0–5 år, helsestasjon)
 - 20 % helsesjukepleiar for barn med innvandrarbakgrunn/migrasjon
 - 110 % helsesjukepleiar (skulehelsetenesta) (20% av lønns-midlar her er prosjektmidlar frå Helsedirektoratet)
 - 100 % leiar for helseavdelinga (deltar i enkelte oppgåver i helsestasjon/skulehelse)

Ung i Vang

- Prosjektet *Ung i Vang* starta i 2020 med finansiering frå tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet. Prosjektet vart overteke av UK-etaten i 2024. Helsesjukepleiar har framleis delteke i aktivitetar i regi av Ung i Vang, mellom anna på ungdomsklubben. Målet er at ungdommar skal ha fagpersonar meir tilgjengelege på sine arenaer, og å auke kunnskapen om fysisk og psykisk helse blant ungdomar.

Barnekoordinator

Barnekoordinator er ei lovfasta plikt som vart gjeldande frå august 2022. Plikta er regulert i helse- og omsorgstenestelova § 7-2 a. Barnekoordinator er ikkje ei eiga stilling i Vang kommune, men ei rolle som blir tildelt. Koordinerande eining har overordna ansvar for oppnemning og opplæring av koordinatorar og barnekoordinatorar. Helsesjukepleiarane har roller både som koordinatorar og som barnekoordinatorar

Frisklivssentralen

Generelt:

Frisklivssentralen hadde i 2025 totalt 8 brukarar – 3 menn og 5 kvinner. Dei fleste har fått rettleiing innan trening, både på treningssenter og til eigentrening heime. Oppfølginga for kvar enkelt brukar varierer ut frå behov og ønskje. Det er ikkje gjennomført heimebesøk.

I 2025 gjekk to *Sterk og stødig*-grupper fast både vår og haust, med stabil deltakarprosent. Frisklivssentralen gjennomførte instruktørkurs i *Sterk og stødig* i samarbeid med den fysikalske tenesta vinteren 2025. Fem frivillige deltok, og dette resulterte i fire nye instruktørar. Totalt har *Sterk og stødig* no 10 instruktørar (ein er kommunalt tilsett som reserve).

Det blir gjennomført sesongavslutningar for begge gruppene kvar sommar og vinter, i samarbeid med kommunalt tilsett fysioterapeut.

Deltakingstal:

- *Sterk og stødig*: 45 unike deltakarar – 8 menn og 37 kvinner.
- *Balansetrening*: 12 unike deltakarar, der 10 er faste. Alle deltakarane er kvinner. Det er fast trening kvar torsdag.

Frisklivssentralen deltek i regionalt forum for folkehelse i Valdres fire gonger i året, både med fysisk oppmøte og digitale møte via Teams.

Friskliv/folkehelse deltok òg på Folkehelsekonferansen, som dette året vart arrangert i Kristiansand.

Frisklivssentralen er òg med på ungdomsklubben i samarbeid med *Ung i Vang* om lag ein gong i månaden. I 2025 deltok ein blant anna på ein kveld i skiheisen i februar og på Hamar-tur i desember.

Frisklivssentralen sit i prosjektgruppa *Levende lokalsamfunn*, der det blir arbeidd med kommunikasjon ut til innbyggjarane og målretta lågterskeltiltak. Målgruppa er hovudsakleg personar over 65 år.

I tillegg deltek ein i team for bustadrettleiing (førebyggjande heimebesøk), der det blir gjennomført om lag fem besøk til eldre i befolkninga kvart halvår.

Planar og prioriteringar for 2026

- Oppstart av gruppetilbod retta mot aldersgruppa i arbeidsfør alder.
- Ønske om interkommunalt samarbeid med andre Valdres-kommunar om søvnkurs og *Bra mat*-kurs, då dette er vanskeleg å gjennomføre aleine.
- Betre dialog med legekantoret om tilvisingar av relevante brukarar til Frisklivssentralen.
- Tettare samarbeid med fysioterapeutane.
- Vidareføring av involveringa i *Ung i Vang* på same nivå som i 2025.

Psykisk helseteneste

Generelt:

- Psykisk helseteneste har stabil tilstrøyming av nye pasientar. Totalt i 2025 har kome 60 nye tilvisingar/henvendinger, derav 7 barn og 13 frå Vang mottak. Det opplevast eit auka behov for samtalar hos elevlar på VBU samt noko meir foreldreveiledning, noko som kan ha samanheng med den nye veiledaren frå oktober 2023: <https://napha.no/kunnskapsbasen/26613/ny-nasjonal-veileder-for-psykisk-helsearbeid-for-barn-og-unge>
- Mange pasientar kjem framleis inn via tilvising frå fastlege, men fleire oppsøker tenesta sjølve enn tidlegare. Det er òg ei større gruppe asylsøkjjarar og flyktingar som har behov for samtalar og vurderingar. Psykisk helseteneste skal medverke til ei heilskapleg behandlingsskjede for

personar med psykiske og andre lidningar, og det er samarbeid med sjukehus, legekontor, helsestasjon og Nav.

- Det har vore redusert bemanning i tenesta.
- Det har blitt implementert faste fagmøter annakvar veke.
- Tema på fagmøter (ein halv dag i månaden) i psykisk helseteneste har vore Traumeskolen, webbasert undervisning via RVTs Vest med fokus på traumer og hjernens utvikling hos barn, samt implementering av den nasjonale veiledaren for barn og unge. Den 25. november var det oppstart av nettverkssamlingar i Innlandet: «Nettverk for etablering og vidareutvikling av psykisk helseteneste for barn og unge». Heretter blir det nettverkssamling kvart halvår.
- Psykisk helse deltek i Innsatsteam, koordinerande eining, FACT-driftsråd og har ansvar for psykososialt kriseteam.
- Det er tett samarbeid med Vestre Slidre og Øystre Slidre når det gjeld fag og rutinar. Det blir gjennomført fire faste møter i året på rundgang.
- Brukarmedverknad blir innhenta gjennom Norse Feedback.
- Tenesta nyttar det elektroniske journalsystemet Profil.
- Tenesta samarbeider tett med kommunepsykologen, som har 50 % stilling i Vang kommune. Ho arbeider klinisk med barn, ungdom og unge vaksne, men bidreg òg med rettleiing og drøfting av tilvisingar saman med tenesta.

Økonomi:

- Det er høge kostnader til tolketenester.

Ressursar:

- Tenesta har 2,7 årsverk, som for tida ikkje er fullt ut dekte. Per 29.12.25 er fordelinga slik: 100 % stilling som fagleiar/spesialsjukepleiar, 90 % stilling som spesialsjukepleiar og 50 % sjukepleiar i vikariat. Dette tilsvarer 2,4 årsverk.

Migrasjonshelse

Mottaket hadde eit roleg første halvår med lågt belegg (litt over 100 personar). Då det blei opna for at unge menn mellom 18 og 22 år kunne forlate Ukraina, auka talet på ankomstar. Mottaket har deretter nær fullt belegg (om lag 150 personar) stort sett heile tida.

Ei særleg krevjande gruppe har vore ukrainske storfamiliar som har opphalde seg i andre land før dei kom til Noreg. Dei har hatt ulike utfordringar som analfabetisme, av og til alkoholbruk og husbråk, og generelt samansette behov.

Situasjonen for syrarar har òg prega året. Assad-regimet fall i desember 2024. I 2025 blei alle sakene til syrarar sett på pause. Dette innebar ingen intervju, inga sakshandsaming og ingen arbeidstillatelse – også for personar som allereie hadde venta i to år på intervju. Dette skapte naturleg nok vanskar for denne gruppa, og fleire hadde samtalar hos psykisk helseteneste eller ved DPS. Rett før jul blei det avgjort at alle syrarar skal få intervju og individuell behandling av sakene sine.

Tala frå mottaket viser totalt 265 innflyttingar og 216 utflyttingar i løpet av året.

Fysioterapiteneste og Vang fysikalske institutt

Generelt, Kommunal fysioterapeut:

Barnekontrollar på helsestasjonen ved 4 månader for alle born, og ved behov for andre born.

- Behandling i pasienten sin heim.

- Behandling på korttids- og langtidsavdelingane på Vangsheimen.
- Poliklinisk behandling og oppfølging etter rehabilitering ved Vang fysikalske institutt.
- Deltaking på legevisitt og tverrfaglege møte med korttidsavdeling, heimetenesta og ergoterapeut.
- Ansvar for tekniske hjelpemiddel saman med ergoterapeut, både korttidsutlån frå kommunen og langtidsutlån frå hjelpemiddelsentralen. Kan bistå med søknader ved behov.
- Planlegging og oppfølging/retteleiing av *Sterk og stødig*-grupper saman med frisklivsretteleiar. I februar 2025 starta ei ny gruppe på Åsvang samfunnshus. Tre nye frivillige instruktørar er rekrutterte, og fysioterapeut og frisklivsretteleiar har halde instruktørkurs.
- Deltaking i tverrfaglege ansvarsgrupper og arbeid med individuelle planar.
- Oppfølging av fleire born i alderen 0–5 år på helsestasjon og i barnehage, samt nokre born i skulealder.
- Behandling i basseng og planlegging av bassengtilbod saman med frisklivsretteleiar.
- Deltaking i planlegging og gjennomføring av kvardagsrehabilitering saman med heimetenesta og ergoterapeut.
- **Elektronisk dokumentasjon:** Physica, Profil og Winmed.
- **Økonomi:** Det er kjøpt inn tre nye behandlingsbenkar til instituttet som erstatning for dei gamle. Barnekontrollar på helsestasjon ved 4 mnd for alle born, andre born ved behov

Driftstilskotsfysioterapeutar:

Driftstilskotet har over fleire år vore delt mellom to fysioterapeutar. Den største delen, 80 % (frå 2023, tidlegare 60 %), har vore dekkja av vikarar. Det har vore mogleg å skaffe vikarar, men rekrutteringa har blitt stadig vanskelegare, og hyppige utskiftingar har skapt slitasje i tenesta. For å sikre kontinuitet og stabilitet valde ein å avslutte kontrakten med tidlegare innehavar og lyse tilskotet ut fast. Ny innehavar kom på plass frå januar 2025.

På tross av fleire år med mykje utskifting har fysioterapitenesta i 2025 vore stabil, med jamn pågang av pasientar og utan lange ventetider.

Privatpraktiserande fysioterapeut med 80 % driftstilskot: Har ansvar for born i alderen 6–16 år, poliklinisk behandling og heimebehandling.

Psykomotorisk fysioterapeut (40 % driftstilskot): Gir individuell behandling og held ei gruppe per veke.

Ressursar totalt i fysioterapiteneste:

- 100% kommune fysioterapeut
- 80% driftstilskott, vikariat i 2024, utlyst fast frå hausten med oppstart i 2025.
- 40% driftstilskott, psyko-motorisk fysioterapi

Ergoterapi

I 2025 har tenesta vore bemanna i 80%. Målgruppe for tenesta er barn, unge, vaksne og eldre som har, eller står i fare for å få, nedsett funksjonsevne og vanskar med å meistre eigen kvardag. Hovudmålet er å redusere gapet mellom individet sine føresetnadar og omgjevnadane sine krav, slik at innbyggjarane i Vang kan vere aktive og deltakande i eige liv så mykje som mogleg så lenge som mogleg.

Sentrale oppgåver har vore :

- Hjelpemiddelformidling og tilrettelegging av bustad
- arbeid knytt til koordinerande eining
- arbeid med forebyggjande heimebesøk og bustadrettleiingsgruppa, Bu trygt heime og Levande lokalsamfunn
- Arbeid med Folkeetråkk i regi av Levande lokalsamfunn
- Samarbeid med habiliteringstenesta
- Ansvars- og samarbeidsmøter
- Kvardagsrehabilitering
- Undervisning og rettleiing innan ergonomi
- Kontaktperson for NAV Hjelpemiddelsentral Gjøvik
- Deltaking på yrkesmesse VBU
- Bruk av Samspill som plattform for Individuell plan
- Bruk av Profil dokumentasjonssystem.

Ergoterapeut gjev og tenester til bebuarar på Vang mottakssenter i samarbeid med sjukepleiar der.

Ressurs: 80% ergoterapeut (100% fast stilling, innvilga 20% permisjon)

Kommunepsykolog

Øvre Valdres psykologteneste

Plan utviklingsarbeid 2025

- Ferdigstilling av skriftleg arbeid innan spesialisering i emosjonsfokusert terapi
- Fortsette med samarbeidsmøte med dei samarbeidande kommunane for å sikre at kommunepsykologressursen brukast etter behov i dei ulike kommunane

Hendingar og aktivitetar:

- Ved årsskifte 2024/25 ble avgjort at ressursfordelinga mellom kommunane skulle endrast til 20% ressurs i Vestre Slidre, 30% i Øystre Slidre og 50% i Vang kommune frå februar 2025.
- Fokus på å oppretthalde normal drift, gje tenester i tråd med nasjonale føringar.
- Kommunepsykolog er fast deltakar i Innsatsteam for barn og unge i alle tre kommunar og i andre tverrfaglege samarbeidsforum på system- og individnivå.
- Gir fast rettleiing for tilsette i psykisk helseteneste og helsesjukepleiarar. Rettleiing av andre kommunalt tilsette som jobbar med barn og unge på førespurnad.
- vurderingssamtaler saman med behandlar i psykisk helseteneste og/eller helsesjukepleiar ved behov
- Kommunepsykolog tilbyr lågterskelbehandling for primært ungdom og unge vaksne med milde til moderate psykiske vanskar. I Vestre Slidre er primær aldersgruppe 18-25 år, i Øystre Slidre kommune 13-25 år og i Vang kommune er hovudmålgruppa ungdommar og unge vaksne.
- Kommunepsykolog har holdt kurs i "Tuning in to Teens" saman med helsesjukepleiar i Vang kommune
- Statistikk for 2025: 37 pasientar: 7 frå Vestre Slidre kommune, 13 frå Øystre Slidre kommune og 14 frå Vang kommune. Varigheit er mellom 1 – 20 samtalar, gjennomsnittleg 10 samtalar
- Kommunepsykolog har faste møter med kommunepsykologer i Nord Aurdal kommune og Sør-Aurdal og Etnedal kommune.

Status økonomi per teneste


Årsmelding 2025

Beløp i 1000

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025					
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud.	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Administrasjon	0	10	10	7	3	25,3 %
Helsestasjon/skulehelseteneste	3 379	4 905	4 905	4 052	853	17,4 %
Anna førebyggjande helsearbeid	1 585	953	953	959	-5	-0,5 %
Diagnose/behandling/re-/habilitering	6 628	7 547	7 547	7 888	-341	-4,5 %
Råd/retteleiing/sosialt førebyggjande arbeid	248	603	603	300	303	50,2 %
Tilbod til personar med rusproblem	0	0	0	-46	46	0,0 %
Helse- og omsorgstenester i institusjon	1 677	2 074	2 074	1 666	408	19,7 %
Institusjonslokale	179	0	0	407	-407	0,0 %
Sum	13 696	16 092	16 092	15 233	859	5,3 %


Driftsutgifter

Beløp i heile kr.



Driftsinntekter

Beløp i heile kr.



Vang legekantor

Vang legekantor har ulike funksjonar; Det er eit fastlegекantor, som har legevaksansvar på dagtid. Legane deltek i interkommunal legevakt lokalisert på Fagernes på kveld, natt og helg. Legane har kommunale oppgåver som sjukeheimslege, helsestasjonslege og kommuneoverlege.

Vang legekantor skal medverke til ei heilskapleg behandlingsskjede for pasientane, i nært samarbeid med sjukehusa, andre kommunale tenester og eventuelt andre kommunar. Tenesten vil fremje brukarmedverknad.

Utvalde resultat

Fastlegelister og kapasitet

- Det har vore fleire ledige fastlegeheimlar i Valdres over tid, samt noko redusert tilgang på nye fastlegar. Dette har medført auka pågang frå innbyggjarane i andre kommunar for å få fastlege i Vang. I tillegg har kommunen busett ein del flyktningar siste år. Dette har medført at kapasiteten på fastlege i Vang har gått ned. Per d.d. (mars -26) er det kun 11 ledige plassar på1 fastlegeliste. I tillegg er det 17 på venteliste.
- Legeforeningen tilrår at størrelsen på pasientlista er omlag 150-200 pasienter per kurative dag (tid avsett til pasientretta arbeid), som følgje av dagens arbeidsbelastning som fastlege. Listelengda til fastlegane i Vang er i samsvar med denne anbefalinga.
- Bebuarar på asylmottaket i kommunen kjem i tillegg til listepasientar. Det har vore ekstra krevande siste år på bakgrunn av stor utskifting av bebuarar på mottaket pga rask busetting, samtidig med stort behov for legeteneste og oppfølging.
- Legekontoret fungerer som legevakt i tidsrommet 8-15. I dette tidsrommet ivaretek legekontoret også augeblikkeleg hjelp hjå deltidsinbyggjarar, turistar og andre som oppheld seg i kommunen.
- Den auka belastninga på legetenester i kommunen har ført til auka ventetid for legetime.

Interkommunal legevakt

- Legevakt er ikkje medrekna i kommunal arbeidstid.

Årsmelding 2025

- Vang har for tida 3 av 3 leger i vaktdyktig alder (under 60 år), som med det deltek i interkommunal legevaktordning i Valdres. Fra mars -26 har vi i tillegg Lis1 (tidl. turnuslege) som også har egevaktssett.
- Oppsett legevaktsturnus tilsvarar ein stillingsprosent på omtrent 35%,
- Legevakt fører til fråvær på grunn av fri etter nattevakt, og tidleg avreise til vakt som byrjar på Fagernes kl 15.00. Dette gjev også utfordringar med ferieavvikling.
- Vang kommune har fastlegar tilsett i 2,6 årsverk. Totalt inkludert legevakt tilsvarar arbeidet legane i Vang utfører ca 3,95 årsverk (sjå eigen tabell)

Asylmottak

- Det har siste tida vore rundt 150 bebuarar på mottaket. Asylsøkjarar er ikkje tilknytt fastlegeordninga og kjem i tillegg til listepasientar
- Konsultasjonar med pasientar frå mottaket er ekstra ressurskrevjande av fleire grunnar
 - Bruk av tolk (krev meir tid)
 - Kartlegging av tidlegare sjukdommar, medisiner osv. er krevjande, både pga språk, ulik kultur for medisinbruk, samt andre medikament i heimlandet enn i Norge
 - Høg utskifting grunna rask busetjing, og med det stadig nye pasientar og problemstillingar

Resultat 2025

- Me har hatt et auka antal konsultasjonar i 2025, samanlikna med 2024. Fordelt på elektronisk konsultasjon og oppmøtetimar har me i år hatt ca 3950 konsultasjonar, som er ca 250 fleire enn fjoråret.
- Omsetjinga i 2025 var på 3.490.316 kr, ei auke på 9% (ser ut til å ha vore feil tal i årsmelding far - 24)
- Me har hatt ei lita auke i antal konsultasjonar med bruk av tolk i 2024 som i 2023.

Plan for arbeidsbelasting/tidsbruk legar 2025 (pga uforutsette hendingar må ofte oppsett plan tilpassas behov)

Funksjon	Lege 1	Lege 2	Lege 3	Totalt	Årsverk
Pasientkonsultasjonar, inkl faste møter* og administrasjonstid	18.75 t/uke	26,25 t/uke	22,5 t/uke	67,5 t/uke	1.8
Vangsheimen		3.75 t/uke	3.75 t/uke	7.5 t/uke	0.2
Helsestasjon	3.75 t/uke			3.75 t/uke	0.1
Smittevern			7.5 t/uke	7.5 t/uke	0.2
Miljøretta helsevern/ kommuneoverlege	7,5t/uke			3.75 t/uke	0.1
Leiar	3.75 t/uke			3.75 t/uke	0.1
SUM utan legevakt	33.75 t/uke	30 t/uke	33.75		2.6
Legevakt	16.875t/uke	16.875t/uke	16.875t/uke		1.35
Sum					3.95

* Faste møter: møte med heimesjukepleie, psykisk helse og sjukepleiar mottak.

Bemanning medarbeidarar

Årsmelding 2025

- Legekontoret har auka medarbeiderfunksjonen i 2025, pga sårbarhet og beredskap. Vi pga tilsetningprosess har vi siste halvdel av -25 hatt 1 medarbeidar mindre, noe som fører til økt sårbarhet for fravær og akutte hendelsar.
- Vi har nå 2,8 årsverk fordelt på tre personar (100%, 100% og 80%).
- Det er jobba for at det er to medarbeidarar på legekontoret kvar dag for å betjene telefon/resepsjon, samt laboratoriet og skadestove.
- Medarbeidarane disponerer elles dagen sin på ein god og sjølvstendig måte, og det har ikkje vore behov for bruk av vikar, sjølv om man merkar sårbarheten for fravær og pasientflyt.
- Det jobbast med å utarbeide prosedyrar og planar slik at medarbeiderane bistå meir i pasientretta oppfølging.

Bemanning legar

Bemanninga på legesida har vore stabil i 2025. Det er ikkje gjort endringar i arbeidsfordeling.

Anna frå 2025

- Det vart søkt om investeringar fra investeringsbudsjettet då det var behov for nytt utstyr
 -
- Me har fått klarsignal til å tilsetje Lis1-lege (siste par år), men det har så langt ikkje vert behov for fleire kommune plassar, før det nå er planlagt opp-start 1.mars -26.

Planer og ønsker for 2026

- Ynskje om å ansette LiS1-lege for å betre kapasitet på legekontoret, redusere arbeidsbelastning på faste leger, samt bidra til kompetanseheving.
- Mål om å gje god og forsvarleg helsehjelp, og bidra til godt samarbeid tverrfagleg i kommunen, med andre kommuner og spesialisthelsetjenesten.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 207	7 690	7 766	76	1,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	810	807	1 036	229	22,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	199	278	185	-93	-50,0 %
Overføringsutgifter	168	147	175	28	16,2 %
Sum Driftsutgifter	8 384	8 921	9 162	242	2,6 %
Salgsinntekter	-801	-753	-700	53	-7,6 %
Refusjoner	-2 582	-2 492	-2 400	92	-3,8 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-3 382	-3 245	-3 100	145	-4,7 %
Netto resultat	5 002	5 676	6 062	386	6,4 %

Driftsutgifter

Årsmelding 2025

Beløp i heile kr.



NAV og barnevern

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025					
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Diagnose/behandling/re-/habilitering	0	0	0	-21	21	0,0 %
Råd/retteleiing/sosialt førebyggjande arbeid	1 599	1 777	1 777	2 057	-280	-15,8 %
Tilbod til personar med rusproblem	47	200	200	99	101	50,4 %
Barnevernteneste	3 494	2 910	2 910	4 019	-1 109	-38,1 %
Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet	2 533	760	760	1 063	-303	-39,9 %
Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet	2 405	4 600	4 600	4 230	370	8,0 %
Kvalifiseringsordninga	0	501	501	518	-17	-3,4 %
Økonomisk sosialhjelp	2 335	2 000	2 000	1 458	542	27,1 %
Sum	12 413	12 748	12 748	13 424	-676	-5,3 %

Status hovudmål

- Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslande behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen.
- Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.
- Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.
- Vang kommune skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

Vangsheimen og heimetenesta

Årsmelding 2025

Vangsheimen har 16 langtidsplassar, 8 korttidsplassar og ein tryggleiksplass. Heimetenestane tilbyr m.a heimesjukepleie (dag, kveld og natt), praktisk bistand/heimehjelp, tryggleiksteknologi, middagsombringing, dagtilbod. I tillegg omfattar verksemda dagsenter, kjøken / kantine.

Årsverk Vangsheimen og heimebaserte tenester:

Avdeling	Stillinger	Årsverk
Leiing Vangsheimen og heimetenesta	5	2,3
Merkantil	2	1,5
Vangsheimen langtid	42	26,19
Kortid, heimesjukepleie og heimehjelp	35	22,89
Dagsenter VAS og Solgløtt	5	1,86
Kjøken	4	3,57

For å imøtekomme dei framtidige bemanningsutfordringane vart det våren 2025 lyst ut fleire utdanningsstillingar innan helsefagarbeid og sjukepleie. I august same år tiltrådde tre personar i utdanningsstilling som helsefagarbeidar, og éin person tiltrådde i utdanningsstilling som sjukepleiar, til saman fire årsverk. Vidare har vi og to helsefagarbeidarar som er i gang med sjukepleieutdanning. Auken i talet på årsverk ved Vangsheimen og i heimetenesta i 2025, samanlikna med 2024, kan i hovudsak tilskrivast desse tilsetjingane og utdanningsløpa.

Målsetjingar 2025

- Utvikle gode og berekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi og nye faglege metodar.
- Naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
- God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale.
- Gode arbeidsfellesskap med kontinuerleg fokus på psykososialt arbeidsmiljø

Viktige hendingar

Langtidsavdelinga

I 2025 er det 17 personar som har hatt langtidsopphald. Det har i gjennomsnitt vore 2 ledige langtidsplassar i 2025.

Vangsheimen fekk i 2024 innstallert nytt pasientvarslingssystem. Systemet er velferdsteknologi som overvakar helsetilstanden og aktiviteten til pasientane, og varslar helsepersonell ved unormale forhold. Dette gjev auka tryggleik for pasientar, pårørande og tilsette. Samstundes gjev det auka kvalitet og meir tid til omsorg fordi det er tids- og ressursbesparande. Gevinst av dette er at vi har redusert talet på nattevakter frå 3 til 2 tilsette og medført betre ressursbruk og fleire faglærte på dag og kveld.

Sjukefråværet på langtid har vore historisk lågt i 2025, med 3,2 %. Dette er eit resultat av systematisk arbeid med sjukefråvær over tid, samt eit tydeleg fokus på nærleing.

Korttidsavdelinga

Det har vore 52 korttidsopphald i 2025, dette er stabilt sammenlignet med 2024.

Avlastingsopphald har auka frå 2024, det er 8 heimebuande som har faste, rullerande avlastingsopphald/ rehabiliteringsopphald - tilsaman 79 opphald. Det er god kapasitet på korttids plassar.

Avdelinga har tett samarbeid med heimetenesta, då det er same personalgruppe. Det er felles tverrfaglege møte annankvar onsdag, der ein arbeider systematisk med oppfølging og iverksetjing av tiltak for at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg og aktiv alderdom.

Heimetenesta:

Ved utgangen av året var det 99 brukarar i heimetenesta.

60 fekk heimesjukepleie, 39 fekk praktisk bistand. Omfanget av hjelpa varierer frå korte tilsynsbesøk til hjelp fleire timar fleire gonger dagleg.

Ved årskiftet var det 29 personar som fekk tilkøyrte varm middag. 45 brukarar har tryggleiksalarm.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte annankvar onsdag. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar, og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av oppfølging og rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim, slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukehus/-heim.

I samarbeid med fire andre kommunar i Valdres gjennomførte vi hausten 2025 eit utskifting av våre tryggleiksalarmar. Dei nye alarmane er utstyrte med tovegskommunikasjon og har funksjonalitet for tilkopling av annan relevant velferdsteknologi.

Sjukefråværet på korttid og i heimetenesta var på 6,9 % i 2025. Dette er ein nedgang samanlikna med 2024.

Dagsenteret

Dagsenter Vangsheimen:

